



Årsrapport 2017



BJØRGVIN BISKOP OG BJØRGVIN BISPEDØMERÅD

*Framsidedfoto: Tilbakeblikk med retning framover
Frå Folkefest i reformasjonsbyen Bergen, 4. mars 2017*

Foto: Magnus Skrede

Utgåve pr. 15. mars 2018

Innhald

I: Tilstandsrapport	4
II Introduksjon til bispedømet og hovudtal	6
2.1. Omtale av verksemda og samfunnsoppdraget	6
2.2 Omtale av organisasjonen.....	7
A. Nøkkeltal for bispedømet pr. 1. januar 2018	7
B. Volumtal for bispedømet.....	8
C. Nøkkeltal frå årsrekneskapen	8
III: Aktivitetar og resultat i 2017.....	9
A. Dei utvalde resultatmåla på nasjonalt nivå.....	9
B. Mål og resultat - nøkkelindikatorar	10
3.0 Kvalitet i kyrkja sitt møte med medlemene	12
3.1 Gudstenesteliv og kultur.....	14
3.2 Dåp og trusopplæring	20
3.3 Kyrkje og samfunn	26
3.3.1. Diakoni	26
3.3.2 Forbruk og rettferd	26
3.3.3 Misjon.....	27
3.3.4 Kommunikasjon og samfunnskontakt	27
3.4. Rekruttering, frivillig teneste og prestedekning	30
3.4.1 Geistleg personale	30
3.4.2. Vigsla stillingar	33
3.4.3. Frivillig teneste.....	33
C. Oppdrag frå Kyrkerådet	34
3. 5 Kyrkje/skule og ungdomsarbeid.....	34
D. Mål på område innanfor biskopens verksemd.....	37
3.6.1 Inkluderande kyrkjeliv	37
3.6.2. Dialog	37
3.6.3 Fengselspresttenesta	37
3.6.4 Kultur	37
3.6.5 Retreatarbeid	38
3.6.6 Arbeidsrettleiing (ABV).....	38
3.6.7 Kyrkje- og gravplassforvaltning.....	40
IV: Styring og kontroll i verksemda.....	41
4.1.1. Overordna vurdering av verksemda si styring og kontroll	41

A. HMS/Arbeidsmiljø.....	42
4.1.2 Arbeidsvilkår.....	42
4.1.3 Prestebustadar.....	45
4.1.4 Lokale tilhøve og utfordringar.....	45
4.1.5 Kompetanseutvikling.....	45
4.1.6 Medverknad (Medbestemmelse etter arbeidsmiljøloven)	45
4.1.7 Leiing og samvirke	46
B. Likestilling	48
Likestillingsrapportering - Bispedømekontoret.....	49
C Vurdering av mislighetsrisiko	49
V: Vurdering av framtidsutsikter	50
VI: Årsrekneskapen.....	52
6. 1 Leiingskommentarar	52
Vedlegg.....	54

I: Tilstandsrapport

Folk i Bjørgvin har også i 2017 kunne møte kyrkja i både glede, sorg og kvardag. Det gode arbeidet som kvar veke blir lagt ned av frivillige og tilsette i kyrkjelydane er kjernen i korleis kyrkja blir opplevd i dei einskilde lokalsamfunna. Bjørgvin bispedømeråd har ut frå sine ressursar forsøkt å understøtte dette på ein best mogleg måte.

Bjørgvin bispedømeråd har hatt stram og god styring på ressursbruken gjennom heile 2017. Det har vore vakansestyling på mange stillingar, både prestestillingar og stillingar i administrasjonen. Det har vore inne vikarar i større omfang enn vanleg, ut frå ei forsiktighetsvurdering. Det har òg vore arbeid aktivt med å finansiere nokre stillingar med eksterne midlar. I deler av bispedømet har det ikkje vore vakansestyling, men utfordring i å rekruttere til ledige stillingar. Totalt har dette gitt ein økonomi i balanse, men med noko større innsparing enn ønskeleg på nokre område. Det er også lagt ned svært mykje administrativt arbeid for å gjere naudsynte grep personalmessig, utan å auke kostnadene. Vurderingar på kva stillingar ein må ta ned permanent er delvis gjort, men det er ikkje gjort endelege vedtak på dette. Det trengs noko betre oversikt og analyse før det kan konkluderast på dette.

Vår vurdering er at vi langt på veg har nådd dei måla vi sett oss for 2017. På nokre område meiner vi at resultatane var over det vi kunne forvente. Dette gjeld særleg på tiltak der bispedømerådet var ansvarleg. Samstundes er det utfordrande tal på viktige målområde, med nedgang over tid. Det er stor innsats i kyrkjelydane rundt gudstenester, trusopplæring, diakoni og konfirmasjon, men mange ulike faktorar spelar inn på deltaking i dei ulike tilboda. Det verkar som at god strategi for involvering, samspel mellom ulike aktørar og systematisk arbeid med kvalitet i alle ledd, er avgjerande for gode resultat over tid. Det er og tydeleg at det må leggjast inn meir innsats for å samle folk no enn tidlegare, både til kyrkjelege tilbod og tilbod generelt. Biletet er samansett.

Reformasjonsbyen Bergen har vore ein vesentleg del av Bjørgvin bispedøme si markering av jubileumsåret 2017. Det blei ei storstilt feiring med lokalt, nasjonalt og internasjonalt preg. Folkefesten var prega av det folkelege og faglege, av humor og alvor. Målet var både å synleggjere spor av reformasjonen i samfunnet, feire dei gode fruktene av reformasjonen og å gje impulsar til debatt om våre samfunnsverdiar. Bispedømet si satsing over fleire år med å førebu jubileet har bore positive frukter. Det har gitt spennande samspel med ulike aktørar, kompetanseheving og inspirasjon, mellom anna ved at alle prestane deltok på reformasjonsstudiar i 2016. Dette la eit viktig grunnlag for at det blei lokale markeringar med salmekvelder, faglege samtalar og gudstenester i heile bispedømet. Vidare trur vi det kan ha ført til fornya medvit på kva det er å vere Luthersk kyrkje. Målet med å skape inspirasjon til å fornye forkyninga ute i kyrkjelydane trur vi òg er delvis innfridd. Det er samstundes ikkje slik at målet om auke i gudstenestedeltakinga er nådd. Tvert om går tala nedover. Vi vurderer likevel at satsingane rundt reformasjonsmarkeringane har vore riktige og viktige grep for å møte utfordringane. Difor vil vi arbeide vidare langs same spor, med vekt på ulike tiltak for å auke kvalitet og kompetanse i førstelinja.

Bjørgvin bispedømeråd vurderer også at vi har gjort gode tiltak på å effektivisere drifta i administrasjonen over tid. Dette er både gjort ved å endre fordeling av oppgåver, men også ved å endre måten ein arbeider på. Vi har brukt meir ressursar på tettare kontakt med fellesråda. Det har lagt grunnlag for tettare samarbeid på mange viktige område, ikkje minst kompetansetiltak og personalfunksjonar. Vi ser også resultat av desse endringane i form betre tilbakemeldingar på mange viktige område i brukarundersøkingane vi har gjennomført blant lokalt kyrkjeleg tilsette og råd.

Bispedømerådet si verksemd har også vore prega av overgangen til å bli del av eit nytt rettssubjekt i 2017. Vi var opptekne av å arbeide positivt med deltakinga i alle dei merkantile prosessane, men samstundes opplever vi at det var ein god strategi å løfte blikket frå desse litt tekniske detaljane og også bruke ressursar på feiringa av reformasjonen. Denne vurderinga er støtta i blant anna medarbeidarundersøkingane for dei tilsette i administrasjonen. Til tross for høgt arbeidspress skårar ein særst høgt på trivsel (5,73 av 6,0). Ein særst dyktig stab ved bispedømekontoret har vore ein vesentleg suksessfaktor for alle dei store løfta ein har tatt i 2017. Dette slår også positivt ut på mange viktige indikatorar og evalueringar. Mellom anna melder prostane om kor viktig og inspirerande dei ulike tiltaka har vore for prestane. Stiftsdagar for alle tilsette er eit slikt tiltak som har skapt inspirasjon og felles motivasjon for mange. Folkefesten i Reformasjonsbyen Bergen, der alle sokneråd var inviterte til å delta, med statsministerbesøk, er eit anna. I sum vil vi evaluere at motiverte tilsette og frivillige er med å skape godt grunnlag for ei kyrkje på eigen kjøl.

Systematisk arbeid med basisfunksjonane i personalarbeidet er eit viktig element i ein kvar organisasjon. Ved å redusere faktorar som tek energi frå hovudoppgåvene, reduserer ein risiko for å ikkje nå måla. Kvaliteten i møta med folk er vesentleg for å nå kvantitative mål på alle område. Vi har tru på at endring og utvikling skjer gjennom dei systematiske, små stega, understøtta av nokre større satsingar som gjev løft og inspirasjon for heile organisasjonen.

Når mange av pilene peikar gradvis nedover på viktige målområder, kan det gje mismot. Det er viktig for oss å sjå kva vi kan gjere for å halde oppe motivasjon og samstundes ta utfordringane på alvor. Ein må spørje: Finst det nokre indikatorar på kvifor tala går meir ned nokre stader enn andre? Eller viktigare; kva er suksesskriteria der ein synest å lukkast betre enn trenden? Dette prøver vi kontinuerleg å identifisera, for å lære av dei gode grepa. Dette handlar også om å skape kultur for å vere ein lærande organisasjon. Samordna leiing, og heilskaplege strategiar lokalt, vil vere viktig for å styrke kyrkjelydane si evne til å møte utfordringane. På nokre område trengs det nokon som initierer samhandling ut over det heilt lokale. Særleg gjeld dette områda rekruttering og ungdomsarbeid.

Samla sett viser resultatane frå 2017 at kyrkja står sterkt i Bjørgvin bispedøme. Det er brei oppslutning om folkekyrkja, med sterke, lokale kyrkjelydar. Det blir gjort svært mykje godt arbeid i alle ledd av det kyrkjelege arbeidet rundt om i heile bispedømet. Det er stor innsats, høg motivasjon og god kompetanse både hos tilsette og frivillige. Saman vil vi ære den treeinige Gud – ved å forkynne Kristus, byggje kyrkjelydar og fremje rettferd.

Bergen, 28. februar 2018


Inger Helene T. Nordeide
bispedømerådsleiar


Halvor Nordhaug
biskop

II Introduksjon til bispedømet og hovudtal

2.1. Omtale av verksemda og samfunnsoppdraget

Bjørgvin bispedøme vart i 2017 del av det nasjonale rettssubjektet Den norske kyrkja og rapporterer til Kyrkjemøtet/Kyrkjerådet

Bjørgvin bispestol var frå fyrst av knytt til Selja, og har 950 års-jubileum i 2018. Bjørgvin bispedøme er eit av 11 bispedøme i Noreg. Bispedømerådet har 10 medlemmer som saman med dei andre bispedømeråda utgjer Kyrkjemøtet. Biskopane utgjer til saman Bispemøtet.

Mynde og ansvarsområde for biskop og bispedømerådet følgjer mellom anna av Kyrkjelova, Gravferdslova, Tenesteordning for biskop, økonomi- og verksemdsinstruksen og tildelingsbrevet frå kyrkjerådet.

Bispedømet blir leia av to organ – biskopen og bispedømerådet med felles administrasjon i Bergen.

Bispedømerådet skal ha si merksemd på alt som kan bli gjort for å vekke og nære det kristelege livet i kyrkjelydane. Rådet skal òg fremje samarbeid mellom dei enkelte sokneråd og andre lokale arbeidsgrupper innan bispedømet. Bispedømerådet fordeler statlege tilskot til trusopplæring og særskilte stillingar innan kyrkjeleg undervisning og diakoni. Bispedømerådet kan opprette og legge ned stillingar innanfor tildelt ressursramme. Bispedømerådet tilset prostar, kyrkjelydsprestar, studentprestar og fengselsprestar. I tillegg er bispedømerådet arbeidsgjevar for dei tilsette på bispedømekontoret.

Biskopen leiar prestetenesta og har tilsynsansvar med kyrkjelydane og tilsette.

Bispedømerådet og biskopen har lagt til grunn dei mål og føringar som er gitt av departementet, Kyrkjemøtet og Kyrkjerådet. Visjonsdokumentet og årsplan for Bjørgvin bispedøme ligg også til grunn for verksemd og aktivitetar.

Visjonen for Bjørgvin bispedøme er «Saman vil vi ære den treeinige Gud – ved å forkynne Kristus, bygge kyrkjelydar og fremje rettferd».

Kyrkja er ein møteplass og ein stad for engasjement. Desse områda er mest synlege:

- Gudstenester og kyrkjelege handlingar
- Dåp, trusopplæring og undervisning
- Kyrkjemusikk og kultur
- Misjon
- Diakoni

Bjørgvin bispedømeråd har som mål å ha medarbeidarar som har glede i tenesta, med gode rammer og høg kompetanse. Bjørgvin bispedømeråd ønskjer å vere ei tydeleg folkekyrkje både i by og grisorgrindte strok av bispedømet.

I Bjørgvin bispedøme er det 182 sokn med tilhøyrande sokneråd. Det er 59 kommunar, med 58 tilhøyrande kyrkjeleg fellestråd. Bispedømet har nært samarbeid med frivillige, kristelege organisasjonar og har eit formelt samarbeid med misjonsorganisasjonane gjennom SMM (Samarbeidsråd for menighet og misjon).


2.2 Omtale av organisasjonen

Bispedømerådet er tilsettingsorgan, biskopen leier prestenesta. I bispedømet er det elleve prosti som kvar for seg er tenesteområde for prestane. Dei andre kyrkjelege tilsette har i hovudsak fellestrådet som arbeidsgjevar.

I Bjørgvin bispedøme er det pr. 31.12.17 tilsett 163 prestar og prostar i 163 årsverk. Ved bispedømekontoret er det tilsett 16 personar i 16 årsverk. Desse har bispedømerådet som arbeidsgjevar. 2,5 presteårsverk og 1,1 årsverk i administrasjonen er finansiert av eksterne midlar.

Bjørgvin bispedøme er geografisk samanfallande med fylka Hordaland og Sogn og Fjordane og har 59 kommunar med til saman 630 229 innbyggjarar. Bergen er den største byen, med 278 556 innbyggjarar. Bjørgvin er mellom dei bispedøma der delen av innbyggjarar som er medlemmer av Den norske kyrkja er høgast. 73,5 prosent¹ er kyrkjemedlemmer i Bjørgvin mot 70,7 prosent i snitt for heile landet.

Organisasjonsstruktur/organisasjonskart



A. Nøkkeltal for bispedømet pr. 1. januar 2018²

Prosti	Sokn	Medlemer i DNK (inkl. tilhøyrande)	Innbyggjartal
11	182	479945	632769
Nordfjord	26	27032	32926
Sunnfjord	17	37610	45381
Sogn	26	24120	28771
Nordhordland	19	30459	37722
Vesthordland	11	52898	66758
Åsane	11	53412	317599*
Bergen domprosti	6	46960	
Bergensdalen	9	50660	
Fana	7	72100	
Hardanger og Voss	27	36166	43895
Sunnhordland	23	48528	59717

¹ Dersom vi reknar med «tilhøyrande», dvs. udopte born av medlemmer, er 75,8 % knytte til kyrkja

* Samla tal for prostia i Bergen, inkl. Austevoll, Os, Fusa og Osterøy

² Mange av tala i denne rapporten er henta frå Kyrkjerådet sitt *Statistikkhefte 2017*

B. Volumtal for bispedømmet

	2013	2014	2015	2016*	2017 #
Tal dåpshandlingar SSB og tal samla inn via prostane (pr.t.)	5216(ssb)	4945(ssb)	4 928(ssb)	Pr.t.4864** (ssb 4789)	Pr.t. 4452** (ssb 4398#)
Tal døypte (MR) i 2016-17				4674	4318
Tal konfirmerte	5800	5748	5 872	5488	5237
Tal kyrkjelege vigslar	1002	967	1 026	900	882
Tal kyrkjelege gravferder	4474	4394	4 400	4263	4189
Tal gudstenester søndag	6573	6598	6 461	6484	6428
Gudstenestedeltakarar sun- og helgedagar	656548	655579	637 046	624709	594684
Gjennomsnitt søndag	99,9	99,4	98,6	96,3	92,5
Tal gudstenester totalt	8634	8525	8 469	8362	8233
Gudstenestedeltakarar totalt	815506	803362	783 209	778228	742079

*Korrigert for feil tal i Olsvik 2016

** Talet på dåpshandlingar er innsamla frå prostane fordi dåpstala i Medlemsregisteret (MR) er for låge på grunn av etterregistreringar, i følge Kyrkerådet sin statistikk.

Førebels tal frå SSB alle sokn. Endelege tal kjem i juni 2018

C. Nøkkeltal frå årsrekneskapen

	2015	2016	2017
Tal årsverk	183,8	176,8	165,8
- del av dette som er presteteneste	167,2	162,6	152,15
Samla tildeling budsjettgr. 1A	140.682 000	144.150 000	161.649.000
Utnyttingsgrad budsjettgr. 1A	100,3 %	101,4 %	
Løns- og driftsutgifter	141.047 830	146.116 770	161.554.000
Del løn av driftsutgifter	87,9 %	90,6 %	91,7%
Del løn brukt i prestetenesta 1)	112.852 000	120.352.142	136.646.769
Lønsutgifter per årsverk 2)	674.763	748.585	843.499

1) 2017-talet er henta frå koststad 274200- Prostier, kontogruppe 5-lønskostnad, med tillegg av sum konto 5999 – Refusjon lønskostnader, og konto 6790 – Kjøp av fremmede tenester.

2) $136.646.769/162 = 843.499$. Her er lagt til grunn 162 årsverk. Bjørgvin har 4,6 årsverk i pensjonistløn (tabell 4.5 i statistikkhefte 2017), 2,2 årsverk i Kjøp fremmede tenester(konto 6790) og 2,6 årsverk finansiert ved avtaler (konto 5999-Refusjon lønskostnader og konto3430-Tilskot frå kommunar og fylker).

III: Aktivitetar og resultat i 2017


A. Dei utvalde resultatmåla på nasjonalt nivå

Strategiske mål	Resultatmål	Resultat 2017	
1. Gudstenestelivet blømer	Oppslutninga om gudstenestene aukar	Gjennomsnitt søndag går ned frå 96 til 92,5	↓
	Gudstenestetilbodet vert halde oppe	Talet på gudstenester går ned frå 8386 til 8233	↓
	Fleire vel kyrkjeleg vigsel	Nedgang frå 901 til 882	↓
	Oppslutninga om kyrkjeleg gravferd vert halden oppe	Kyrkjeleg gravferd i prosent av talet på døde auka frå 88,6 til 90,2	↑
	Kyrkja gjev rom for ulike kunst- og kulturuttrykk	Det er ein auke i konsertar og kulturarr. frå 1809 til 2035	↑
2. Fleire søker dåp og trusopplæring	Oppslutninga om dåp aukar	Auke frå 80,0 til 80,4 prosent av døypte 1-åringar som er born av medlemmer, men nedgang frå 64 til 63 prosent for døypte av alle fødde.	↑
	Omfanget av trusopplæringstilbodet aukar	Snitt timetilbod i kyrkjelydane har gått ned frå 220 til 214 timar. Det er større timeproduksjon i 2017 enn i 2016, men snitt-talet har gått ned sidan nye planar har færre gjennomførte timar	↓
	Oppslutninga om trusopplæringa aukar	Ned frå 52 % til 49 %	↓
	Oppslutninga om konfirmasjon vert halden oppe	Reduksjon frå 92 til 89 % av døypte 15. åringar som blir konfirmerte	↓
3. Folkekyrkja engasjerer seg i samfunnet	Fleire kyrkjelydar utviklar plan for diakoni	Talet på innrapporterte diakoniplaner har auka frå 95 til 102	↑
	Kyrkja blir meir tilgjengeleg på Internett	Fleire økter og brukarar på Internett, og fleire facebook-profilar og følgjarar	↑
	Fleire kyrkjelydar vert grøne kyrkjelydar	Talet på grøne kyrkjelydar har auka til 27	↑
	Fleire kyrkjelydar er engasjerte for misjon	Det er ein auke frå 131 til 142 kyrkjelydar som har misjonsavtale	↑
4. Fleire får lyst til å jobbe i kyrkja	Rekrutteringa til vigsla stillingar blir styrka	Tre presteordinasjonar, som i 2016. Tre diakonar vart vigsla.	→
	Fleire vert engasjerte i frivillig teneste i kyrkja	Tal på frivillige går ned frå 12924 til 12653	↓

B. Mål og resultat - nøkkelindikatorar

For året 2017 er vår overordna vurdering at vi i Bjørgvin bispedøme leverer gode tal på alle område. Det er det viktig å halde fast i, sjølv om utviklinga viser gradvis nedgang på fleire viktige måltal.

Det er difor også ein uro over at det er negative utvikling på mange indikatorar innan målområda gudsteneste og dåp og trusopplæring. Før vi går ned i dei lokale tala, kan det vere klokt å sjå på tala i Bjørgvin samanlikna med snittet for heile landet og mot dei høgste tala innan ulike felt. Vi vel òg å bruke Nidaros som samanlikning. Begge bispedøma har ein stor by av same storleik og mange distriktsprosti. Dette gjer at vi har nokon av dei same utfordringane med å bruka gjennomsnittstal, og det har difor meir verdi å samanlikne med Nidaros enn med mange andre bispedøme.



Gudstenestedeltaking

Utviklinga i Bjørgvin ligg på landssnittet når det gjeld gudstenestedeltaking, tradisjonelt har ein lege noko over. Samanlikna med Nidaros ligg Bjørgvin høgare både på snitt og total. Bjørgvin har no falle ned på landssnittet, men i det store og heile følgjer bispedømet same trenden som resten av landet, sjå graf ovanfor.

Samla er det Bjørgvin som samlar flest deltakarar på gudtenester, og vi har flest gudstenester.

	Bjørgvin		Nidaros		Landsbasis (beste bd)	
Gudstenestedeltaking sundag snitt /total	92	594 465	88	346 887	92 (128)	594 465 (Bjørgvin)
Gudstenestedeltaking alle dagar snitt /total	90	742 139	81	469 053	89 (121)	742 139 (Bjørgvin)
Gudstenester søndag per prest/ total	42,3	6427	35,3	3953	<i>ikkje oppgitt</i>	6427 (Bjørgvin)
Gudstenester alle per prest /total	54,1	8231	51,5	5762	50,9 (58,6)	8231 (Bjørgvin)
<i>Gudstenester deltaking /medlemer</i>	<i>1,54 (alle)</i>	<i>1,28 (sundag)</i>	<i>1,35 (alle)</i>	<i>1,00 (sundag)</i>	<i>1,6 (sun Stav.)</i>	<i>0,9 (sun Oslo – lågast tal)</i>
Vigsler endring/tal	-1,89 %	883	-11,13	663	- 1,57 %	982 (Borg)
Gravferder endring/tal	-1,85 %	4184	2,04 %	3259	-0,21 %	4476 (Borg)
Vigsler /Gravferd per prest	5,8	28,9	5,9	27,4	6,2 (8,2)	25,3 (35,4)

Når det gjeld gudstenestedeltaking i høve til medlemstal, så går kvart medlem i Stavanger på 1,60 gudstenester per år på søndag, mens i Oslo går folk på 0,91 gudstenester per år. For Bjørgvin går medlemene på 1,28 gudstenester per år på søndagar og 1,54 for alle gudstenester. Det er oftare enn ein gjer i Nidaros og i Oslo, men lågare enn Stavanger. Bjørgvin ligg over landssnittet, både søndag (1,12) og på alle dagar (1,45).

Det er ein liten nedgang på talet på vigsler og gravferder, men her følgjer ein utviklinga på landsnittet.

Bjørgvin er eit bispedøme med store lokale variasjonar. Dei sokna som skårar høgt på god gudstenestedeltaking blir ikkje synleggjort i snittala. I det store bildet er det difor viktig å løfte opp mange lokale gode tal, samstundes som ein ser at dei overordna trendane er utfordrande. Ikkje minst gjeld dette på tal for dåp.

Dåp

	Bjørgvin		Nidaros		Landsbasis	
Døpte / prosent av 2016	4318	92,4 %	3035	91,5 %	30266	93 %
Prosent døpte 1 år/ 10 år	80,4 %	88,5 %	81 %	87,6 %	75,3 %	84,9 %
Gjennomsnitt timar Trusopplæring 2017/ differanse 2016	214,2	- 5,8	219,5	- 8,7	291,1	- 33,8
Konfirmantar / prosent av målgruppa 2017	5287*	90 %	3549	86 %	35659	83,9 %

* SSB-tal pr. 15. mars: 5237 konfirmerte. Andre tal i tabellen kan også vera endra i høve til dei første førebels tala som denne tabellen byggjer på. Endelege tal kjem i juni 2018.

Dåpstala går ned på landsbasis, og også i Bjørgvin. Utviklinga i Bjørgvin og Nidaros synest å følgje om lag same tendens. Samstundes er ikkje bildet eintydig, ser ein på prosent døypte eittåringar av medlemmer + tilhøyrande, så er det ein oppgang over tid (2014 77%, 2015 79%, 2016 80%, 2017 80,4%). Det kan lesast som at fleire enn før døyper borna tidleg. Det kan og lesast som at merksemd rundt å få fleire til å døype, gjev noko positivt utslag. Det kan og vera ein konsekvens av utmeldingar, at fleire av dei som ikkje har døypt borna sine har meldt seg ut enn dei som har døypt borna sine. På konfirmasjon er nedgangen litt større i Bjørgvin enn Nidaros målt over tid. Konfirmasjon har stått særst sterkt i Bjørgvin med 93 prosent i 2015. Det er tendensar til ei endring, som vi følgjer nøye med på.

På nokre av områda kjem utviklinga noko forsinka til Bjørgvin. Det er likevel viktig å glede seg over alt det gode arbeidet som blir gjort i lokale kyrkjelydar av løna og uløna medarbeidarar, og over kvalitet, kreativitet og engasjement ein ser på lokalplan. Når tala går nedover, så er det kritisk i eit lengre perspektiv. Det har samstundes ofte sin årsak i eit større bilde av trendar og samfunnsutvikling. Lokale variasjonar synleggjer at gode tiltak og strategiar kan gje positive utslag i gode tal. Dette vil vi forsøke å løfte fram undervegs i analyse og vurderingar på dei einskilde områda.


3.0 Kvalitet i kyrkja sitt møte med medlemene

Bjørgvin bispedøme har i sitt arbeid med strategiplan og årsplan for perioden 2018-2020 tatt inn eit kvalitetsmål før vi ser på dei ulike kvantitetsmåla. Dette har i dei tidligare årsmeldingane vore omtala under leiars kommentar. Vi har tru på at å tenkja kvalitet i kyrkja sitt møte med medlemene må liggje i botn for å få auke i deltaking. Det handlar om kvalitet i alle ledd og medvit om kor samansett kvalitetsomgrepet er, om kommunikasjon, ikkje minst om kva ein får merksemd om i media, og om systematikk i rekruttering og opplæring av medarbeidarar og om å spele kvarandre gode. Ein vesentleg suksessfaktor er kompetente medarbeidarar – løna og uløna. Ein annan er at medlemmer og tilsette er stolte over å høyre til i kyrkja.

Vår vurdering er at det er viktig å arbeide systematisk med kvalitet over tid. Det handlar om omdøme, og om summen av mange små skritt over tid. Det tar lang tid å bygge gode relasjonar, og kort tid å rive ned. I kyrkjeleg arbeid er tillit og relasjonar vesentleg.

Inn- og utmeldingar vil vere ein lyttepost. Brukarundersøkingar ein annan.

Inn- og utmelding



I 2016 var det både ei ny elektronisk ordning for å melda seg ut og det var eit kontroversiell sak då kyrkjemøtet vedtok vigselsturgi for likekjønna par. Dette kan forklara toppen for både utmelding og innmelding i 2016. Det at det er enklare å melda seg ut kan forklara at utmeldingstala for 2017 nærmar seg 2015 og er om lag 300 fleire enn i 2015. Likeeins aukar tala på innmelde, med topp i 2016, men høgare i 2017 enn tidligare år. At det er enklare å melde seg inn og ut, meiner vi er positivt.

Prosti 2017	Inn- melde	Ut- melde	Utmelding i forhold til medlemstal		Medlemer (31.12.16)	Medlemer (31.12.17)	Prosentvis endring i medlemstal 2016-2017
			2016	2017			
Domprostiet	50	421	2,3	0,7	61429	60879	-0,9
Fana	59	435	1,0	0,4	99022	98724	-0,3
Åsane	23	205	1,0	0,4	51662	51465	-0,4
Sunnhordland	12	189	0,8	0,4	47842	47614	-0,5
Hardanger og Voss	16	153	0,7	0,4	39144	38702	-1,1
Nordhordland	16	135	0,8	0,5	29697	29605	-0,3
Sogn	9	46	0,6	0,2	23859	23711	-0,6
Sunnfjord	20	99	0,7	0,3	37083	37004	-0,2
Nordfjord	6	84	0,5	0,3	26751	26576	-0,7
Vesthordland	2	263	1,1	0,5	50848	51028	0,4
Bjørgvin bispedøme	241	2030	1,1	0,4	467337	465308	-0,4

I alle prosti er det ein nedgang i utmelde per folketal. At det er stor skilnad på tala for 2016 og 2017 viser at 2016 var eit unormalt år. Det er ikkje uventa at dette talet er høgast i Bergen domprosti og lågast i distriktsprostia, fordi tradisjon og forholdet til «kyrkja si i bygda» er sterkare i distrikta. Prostane i Vesthordland og Nordhordland, prosti med tradisjonelt stor bedehus- og frikyrkjeaktivitet, melder om at det er tydeleg at ein del av utmeldingane der er knytt til vedtaket om ny vigselsturgi, og at folk som var aktive i kyrkja har meldt seg ut og funne eit nytt fellesskap utanfor kyrkja. Desse to prostia har ein litt høgare utmeldingsandel i forhold til medlemstalet enn resten, bortsett frå Bergen domprosti.

I nokre delar av bispedømet med tradisjonelt konservativ teologi, har media sett mykje fokus på vigselssaka (Vest-nytt, Askøyværingen, Bømlo-nytt) med liberal vinkling, og synet til prestane har komme ut i media. Det er vanskeleg å seie at dette er årsaka og direkte knytte det til turbulens i kyrkja og i media, men det er interessant at det er desse stadene ein ser slike utslag. Generelt sett har det kome tydelegare signal om forsamlingsbygging på bedehus, og ein del aktive deltakarar og frivillige i kyrkjelydsarbeidet har meldt seg ut. I tillegg har ein del konservative prestar blitt "hengt ut" i media. Det har truleg ført til at tilliten til kyrkja blant folk flest har gått ned, uavhengig av syn. Ein har fått avskaling frå dei som synes kyrkja er for "opa" og dei som synes ho er for "lukka". Det er for tidleg å sjå dei store konsekvensane av dette for kyrkja som heilskap. I tillegg er nok noko av grunnelementa i dette til stades uavhengig av einskilde saker. På ei side søker nokon mot kyrkjelege fellesskap som er mindre konfesjonelle og mindre regulerte, meir konservative eller meir «spirituelle». På andre sida er det den gruppa som ikkje er med i noka religiøs gruppering som aukar mest. Motivasjonen kan anten vere ut frå aktivt val eller frå likesæle, eller som protest mot det ein opplever som diskriminerande haldningar. Den generelle sekulariseringa i samfunnet har etter vår vurdering ikkje slått heilt inn i statistikkane, men ligg der som ein viktig variabel for å forklare hovudtendensane i nedgang på tala.

Hovudfokuset må vere å møte dei som søker dåp, gudsteneste, konfirmasjon osv. på ein slik måte at dei opplever kyrkja som vesentleg og som eit fellesskap ein ønsker å vere del av. Vi har i liten grad

brukarundersøkingar av deltakarar og medlemmer sine opplevingar av kyrkjelege tenester. Vi har gode tal på brukarundersøkingar blant fellelråd, kyrkjelege tilsette og frivillige. Det vil vere nyttig å utvikle betre verktøy på tilbakemeldingar direkte frå medlemene. I ulike større undersøkingar på dette frå KIFO og andre har ein til no hatt gode indikasjonar på at folk er nøgde med sine møte med den lokale kyrkja.

KIFO sin nyaste rapport om unge vaksne sitt forhold til Den norske kyrkja er eit godt bidrag i så måte. Dette vil danne grunnlag for ei nærare drøfting av temaet i året som kjem. Det er i aldersgruppa 18-30 ein har flest som aldri går til gudsteneste, eller som ikkje kjenner at dei høyrer til i kyrkja. Bjørgvin bispedømeråd har i si satsing sett inn ekstra ressurs i St Jakob med vekt på tilbod for Unge vaksne 18-30 i Bergen. Dette er ei gruppe som det er viktig å vere i kontakt med.

Tabell 1. Alder og deltagelse ved gudstjenester

	18-24	24-29	30-39	40-49	50-59	60-69	70-80	Alle
Hver uke eller nesten hver uke	3,7	1,4	2,0	1,0	1,5	2,7	5,3	2,1
Noen ganger i måneden	2,6	2,8	2,9	1,6	4,0	2,7	4,2	2,8
Omtrent en gang i måneden	1,9	1,4	2,0	3,4	1,9	4,4	6,3	2,9
Noen ganger i året	22,3	20,8	24,2	24,0	28,8	30,6	28,6	25,9
Sjeldnere	40,5	38,2	39,0	44,9	43,0	42,9	39,2	41,7
Aldri	29,0	35,4	30,0	25,2	20,7	16,7	16,4	24,5
Total	100	100	100	100	100	100	100	100

Kilde: TLU 2012, N = 2991, bare medlemmer av Dnk, prosent

Tabell 2. Alder og tilhørighet

	18-24	24-29	30-39	40-49	50-59	60-69	70-80	Alle
Meget sterk tilhørighet	4,6	3,5	4,7	4,7	8,5	8,8	11,1	6,4
Ganske sterk tilhørighet	12,6	12,4	16,7	24,6	30,4	33,5	34,9	24,2
Ganske svak tilhørighet	47,1	51,9	51,3	52,3	43,4	45,2	44,4	48,2
Ingen tilhørighet	28,4	25,4	23,6	14,8	13,1	8,8	7,4	16,8
Vet ikke	7,3	6,7	3,8	3,7	4,6	3,7	2,1	4,4
Total	100	100	100	100	100	100	100	100

Kilde: TLU 2012, N = 2991, bare medlemmer av Dnk, prosent

Når det gjelder tilhørighet ser vi, i Tabell 2, at de med lavest tilhørighet er de i alderen 24 til 29, altså den same gruppen som også går minst til gudstjeneste. I Tabell 1 så vi at en del unge mellom 18 og 24 gikk ofte på gudstjeneste, men den samme aldersgruppen føler likevel ikke en sterk tilhørighet til kirken. Det er faktisk i denne gruppen at flest oppgir at de føler «ingen tilhørighet» til Den norske kirke.

Rafoss, T.W. (2017) *Unge Voksne og Den norske kirke, KIFO-rapport 2017:3*


3.1 Gudstenesteliv og kultur

Delmål: DNK skal ha ei oppslutning som stadfestar karakteren av å vera folkekyrkje

Strategisk mål: Gudstenestelivet blømer

Resultatmål: Oppslutninga om gudstenestene aukar

Indikator 1: Gudstenestedeltaking



	2013	2014	2015	2016*	2017
Gj. snitt søndag	99,9	99,4	98,6	96,3	92,5
Gj. snitt alle gudst	94,4	94,2	92,5	93,1	90,1

**korrigert for feil tal i Olsvik i 2016*

Det er ein nedgang i deltakarar på søn- og helgedagsgudstenester på 4,6 % medan det berre er ein liten reduksjon i talet på gudstenester, så gjennomsnittleg frammøte går ned frå 96,3 til 92,5. For deltakarar på gudstenester utanom sun- og heledagar er det ein nedgang på 3,8 %. Det er samstundes ein nedgang i talet på desse gudstenestene slik at gjennomsnittleg frammøte vert det same, 81,7. Det er ein nedgang i deltakarar på alle gudstenester på 4,5 % og ein nedgang i gjennomsnittleg deltaking frå 93,1 til 90,1.

Gjennomsnittleg gudstenestedeltakinga for alle gudstenester var i 2008 90, etter år med variasjon opp mot 95, er talet no tilbake på 90. Om vi derimot ser på søndagsgudstenester så var den på 101 i 2008, og er no nede på 92 deltakarar i snitt. Vi ser at den tunge trenden er langsam nedgang. Det kan samstundes synast som det er knekkpunkt rundt 2011 og rundt 2014/2015. Dette bildet er litt ulikt når ein ser på prostia, men likevel interessant. Vi ser at snittalet på alle gudstenester går noko opp og ned. Det kan tyde på at ved innsats og satsingar på spesielle gudstenester, så kan ein få auka deltaking. Truleg er variasjonane større og meir synlege heilt lokalt.

Frå prostane sine årsrapportar kan vi sjå at einskilde kyrkjelydar har gode tal. Nokre stadar knytt til ny kyrkje, andre stadar til nye medarbeidarar, men og knytt til gode strategiar lokalt. Det kan sjå ut som om andre møtepunkt i kyrkjelyden som legg vekt på fellesskap og opplæring kan verka meir rekrutterande til gudstenesta enn gudstenestene sjølv. Dette kan gå på involvering og godt samspel med alle delar av kyrkjelydsarbeidet, eller også medviten samhandling med eksterne aktørar, til dømes turlaget, kulturlivet eller andre allmenne foreiningar. God musikk og aktivt korarbeid er det og peika på som positivt for gudstenestedeltakinga. Men desse «satsingane» blir utjamna i snittala. Vurderinga er at det kostar meir arbeid og innsats å halde deltakinga oppe, det er færre som går fast, utan særskild grunn. Nedgang i tal på dåp, konfirmasjon og trusopplæring verkar og sterk inn på gudstenestedeltaking. Men det kan synast som om det er ulik utvikling i dei ulike gruppene som går til gudsteneste.

I eit djupdykk i tala i Åsane i Bergen, der ein samanliknar månad for månad med fjoråret, ser ein at den samla nedgangen i året er på dåps- og konfirmasjonsgudstenester, medan det er ein oppgang på

andre gudstenester. Nedgangen i frammøte er berre halvparten av det ein skulle forventa ut frå nedgangen i dåps- og konfirmanntal. Det tyder på ei auka deltaking frå folk som ikkje er i dåps- og konfirmasjonsfølgjer. Noko av det same bildet får vi om vi ser på andre store sokn i Bergen. Nedgang i gudstenestedeltaking følgjer av nedgang i dåpstal.

Reformasjonsstudiane, med vekt på inspirasjon til preikearbeidet, var sentralt i strategien for 2016 og 2017. Dette vurderer vi som positivt, mellom anna ut frå det prostane melder tilbake. Etter gode erfaringar med kurset «kunsten å snekre ei preike» i tre prosti i 2009 og 2013, har ein starta opp dette kurset for fem nye prosti i 2018. Vidareutvikling og fornying trur vi er viktig for alle som arbeider med formidling.

Det er samstundes lagt inn ei utvida vekt på totalformidling rundt gudstenestene i strategien for 2018-2020. I dette ligg den diakonale dimensjonen, og vekt på fellesskapsbyggjande tiltak.

Det er og ut frå prostane sine årsmeldingar kome opp ei tydelig spørsmålsstilling i forhold til dei gudstenestene der det kjem få og der det ikkje er andre samlingar i kyrkjelyden. Kanskje burde ein nokre av desse stadane utvikle forenkla liturgi og akseptetere at det kjem berre 10 eller 15 deltakarar? Bjørgvin bispedøme vurderer det slik at vi vil ta opp att noko av arbeidet med å vere kyrkje i grigrendte strok for å leite etter betre modellar for dei små sokna. Kanskje burde og statistikkane i større grad samanlikne sokna innanfor kategoriar som store, mellomstore og små?

Vi vurderer at langsiktig arbeid med gode lokale strategiar for kvalitet i alle ledd er viktig. Vidare har vi tru på systematisk arbeid med å halde oppe god kompetanse hos medarbeidarar, og merksemd rundt suksessfaktorar som involvering, medeigarskap og totaloppleving. Kommunikasjon, relasjonar og informasjon som synleggjer gudstenestene er og enkle grep som ikkje må undervurderast. Rekruttering inn til gudstenestedeltaking vil måtte ha mange vegar, og kvardagskyrkja er ein viktig ressurs. I kva grad ein skal flytte meir gudstenester til kvardagskyrkja, eller om ein skal tenke at ein flytter folk frå kvardagskyrkja til sundagsgudstenestene, trur vi må vere eit både og. Det er krev større innsats å halde opp gudstenestedeltakinga, og denne utfordringa blir ikkje enklare om ein kjem under nokre kritiske knekkpunkt.

Det er og kome opp ei tydleg problemstilling til tidsbruk rundt gudstenester. Blir det brukt for mykje ressursar rundt agendaer og program, og andre interne oppgåver, framfor involvering eller samspel med ulike samarbeidsrelasjonar? Dette er problemstillingar vi vil arbeide noko meir med.

Nattverd


	2012	2013	2014	2015	2016	2017#
Gudstenester med nattverd	4297	4399	4277	4229	4417	4376
Nattverdsdeltakarar	158738	160586	156209	157308	159950	158009
Gj.snitt nattverddeltaking	36,9	36,5	36,5	37,2	36,2	36,1

Tala på gudstenester med nattverd er relativt stabile. Det er ein liten nedgang i gudstenester med nattverd frå 2016 til 2017, men talet er om lag på 2014-nivå. Talet på nattverddeltakarar er også stabilt. Djupdykk i tala frå einssilde kyrkjelydar som har opplevd nedgang i både dåp konfirmasjon og gudstenestedeltaking viser at talet på nattverdsgjester ikkje går tilsvarande ned.

Gjennomsnittleg nattverddeltaking er svært stabilt på 36 dei siste åra. Det er vanskelegare å tolka desse tala fordi det i rapporteringa ikkje er skild mellom søndagsgudstenester og institusjonsgudstenester, difor er nok det reelle gjennomsnittstalet for søndagsgudstenester høgare.

Resultatmål: Gudstenestetilbodet vert halde oppe

Indikator 2: Gudstenestefrekvens sun- og helgedagar



	2013	2014	2015	2016	2017#
Tal gudstenester søndag	6573	6598	6461	6484	6428
Gudstenester andre dagar	2061	1927	2008	1878	1805

#Førebels tal frå SSB alle sokn.. Endelege tal kjem i juni 2018

Talet på gudstenester søndag går litt nedover. Det var 56 færre i 2017 enn i 2016 (det førebels talet kan vera litt lågt, prostane melder inn fleire gudstenester) og 145 færre enn i 2013. Talet på andre gudstenester viser ein større nedgang: 73 færre enn i 2016 og 256 færre enn i 2013. Det er gledeleg at ein i eit år med reduserte ressursar, og til dels kritisk bemanning i nokre prosti, likevel held oppe talet på gudstenester på søndag på nesten same nivå som i 2015 og 2016. Det var ein nedgang frå 2014 til 2015. Det vart ikkje redusert ressursar, men signala var at budsjettet ikkje strakk til. Denne nedgangen synest å ha stabilisert seg. På sikt kan det gå ytterlegare ned fordi ein i nokre prosti i 2017 har redusert gudstenestetalet i samsvar med nedskjering i bemanning av budsjettmessige årsaker. Det vart i 2017 brukt meir vikarmidlar framfor fast årsverk, det er truleg årsaken til at ein ikkje har fått større reduksjon av gudstenester.

Det kunne vere fristande å peike på arbeidstidsavtalen for å finne årsak til nedgangen i gudstenester andre dagar. Dette er ikkje eintydig. Mellom annan har ein hatt same variasjon over tid, til dømes frå 2013 til 2014, med ein nedgang på 134, men som auka igjen med 81 allereie i 2015. I dette ligg det truleg ein kombinasjon av variasjon i lokale initiativ til kvardagsgudstenester og variasjon i korleis gudstenester på nokre høgtidsdagar vert prioritert. Til dømes Kristi himmelfartsdag, andredagane, romjulgudstenester, nyårsaftan og nyårsdag. I 2017 var eksempelvis første juledag på søndag. Med 182 sokn og 55 prosent dekningsfrekvens utgjer det aleine ein variasjon på om lag 100 gudstenester. Det syner at dette er tal som kan påverkast ved motivasjon, eller etterspørsel, men det er og variasjon ut frå andre faktorar som til dømes kyrkjeåret.

Björgvin biskop har starta eit arbeide med forordningane, då for å sikre at ein har nok gudstenester der det er strategisk mest riktig. Dette må og ta høgde for reduserte ressursar. Det har og vore gjennomført kurs for leke gudsteneleiarar, og det blir planlagt nye kurs. Det er om lag 14 gudstenester som er rapportert inn som gjennomført av andre enn prest.

Det er samstundes viktig å sjå på gudstenester andre dagar og tider enn søndag klokka elleve. Vi vil og støtte opp under forsøk på å nå nye målgrupper, eksempelvis ved å utforske spesialgudstenester for prostiet.

Resultatmål: Fleire vel kyrkjeleg vigsel

Indikator 3: Talet på kyrkjelege vigslar

	2013	2014	2015	2016	2017
Tal kyrkjelege vigslar	1002	967	1033	900	882

Det er ein nedgang på vigslar på om lag 1,9 prosent frå 2016 til 2017. Det har vore variasjon over år, men det er likevel gradvis færre som vel kyrkjeleg vigsel. Over ein femårs periode er det nedgang på 12 prosent. Björgvin biskop har difor opna for større fleksibilitet i val av vigsel stader. Det er og tenkeleg at nedgang i vigsle i nokon grad heng saman med nedgang i dåp. Björgvin sin nedgang i siste år følgjer om lag landssnittet. I årsplan for 2018-2020 vil vi ha tiltak for å sikre kvalitetsløft på kommunikasjon i og rundt kyrkjelege handlingar. Då ut frå ein tanke om jamleg fornying også på dette området er viktig. Det betyr og å løfte fram og drøfte utviklingstrekk og nye forventingar rundt vigslar. Merksemd rundt god informasjon på nettsider, tilgjengelegheit og å synleggjere alt det positive ved vigsel i kyrkja er og tiltak ein må arbeide med lokalt og regionalt.

Resultatmål: Oppslutninga om kyrkjeleg gravferd vert halden oppe

Indikator 4: Del kyrkjelege gravferder av talet på døde

	2013	2014	2015	2016	2017
Tal kyrkjelege gravferder	4474	4395	4400	4263	4185
Prosent kyrkjeleg gravferd av døde	93,0	93,5	91,8	88,6	90,2

Det er ein nedgang på gravferder på om lag 2 prosent frå 2016 til 2017. Det har vore ein liten variasjon over år, men det er likevel gradvis færre som vel kyrkjeleg gravferd. Over ein femårs periode er det nedgang på 2,8 prosent. Det er viktig å sikra at dei som vel bort kyrkjeleg gravferd, ikkje gjer det av årsakar som skuldast dårleg handsaming frå kyrkjeleg hald. Difor vil Bjørgvin bispedøme, som nemnt over, ha tiltak som sikrar fornying og kvalitet i og rundt kyrkjelege handlingar, der i blant gravferder.

Resultatmål 5: Kyrkja gjev rom for ulike kunst- og kulturuttrykk

*Indikator 5: Tal på konsertar og kulturarrangement i kyrkjene **

	Konsertar i eigen regi	Konsertar i regi av andre	Kulturarr. i eigen regi	Kulturarr. i regi av andre	Total
2017	1108	534	288	105	2035
2016	820	575	290	124	1809
2015	876	518	199	60	1653

**Førebels tal SSB*

Det har vore om lag 35 prosent auke i konsertar i eigen regi i Bjørgvin. Desse står for heile auken, for det er ein liten nedgang i andre konsertar og kulturarrangement. Det er nærliggande å tolka dette som eit resultat av 500årjubileet for reformasjonen i 2017, då det mange stader var ekstra konsert i høve jubileet. At talet på andre kulturarrangement ikkje aukar tyder på at markeringa av jubileet vart lagt til innarbeida samlingar, så det ikkje vart ekstra kulturarrangement. Dei fleste kulturarrangement som bispedømet var arrangør for er ikkje med i denne statistikken, men vert rapportert for seg.

Resultatmål 6: Fleire kyrkjelydar inkluderer samisk språk i gudstenestelivet

Indikator 6: Tal på kyrkjelydar som inkluderer samisk språk i lokal gudstenesteordning

I 2017 var det 3 kyrkjelydar som hadde samiske innslag, mot 4 i 2016. Bortsett frå domkirken er dette ulike kyrkjelydar kvart år, noko som tyder på at dette er spesielle tilfelle, t.d. dåp i samisk familie, og ikkje ein innarbeid praksis. Dette vurderer vi som eit normalt nivå i eit bispedøme med få samar, samtidig som det viser at kyrkjelydane er opne for å inkludera det samiske når det er aktuelt lokalt. Det var i 2017 ei samisk gudsteneste 3. søndag i advent klokka 11 i Maria-kirken i Bergen med prest for nordsamer Karl Yngve Bergkåsa som samla 20 deltakarar. Det var planlagt to, men vårens gudsteneste vart avlyst p.g.a. problem med å få samisktalande prest.

3.2 Dåp og trusopplæring

Strategisk mål: Fleire søker dåp og trusopplæring

Resultatmål: Oppslutninga om dåp aukar

Indikator 1: Prosent døypte av tilhøyrande born som er 1-5 år per 1. januar 2018

Alder:	1 år	2 år	3 år	4 år	5 år	Endring frå 1–2 år	Endring frå 1–5 år
	80,4	80,9	81,8	82,0	83,7	-0,5	-3,3

Når ein ser på dåpsprosenten av born av medlemmer, ser ein dei same tendensane som i resten av landet, ein nedgang siste 5 år, men ein stabilisering siste år. Samstundes ser vi av tabellen under av dåpsandel av 1-åringar at det skjer ein del dåp etter 1-årsalder som gjer at det er vanskeleg å lesa tendensen. 79,0 % av 1-åringar i 2015 var døypte, men 81,8 % av 3-åringar i 2017, noko som tyder på at 2,8% vart døypt eller etterrapportert desse åra eller at store utmeldingstal i 2016 har endra utrekningsbrøken.

Dåpstal i bispedømet – 5-årsperspektiv						
	2012	2013	2014	2015	2016	2017*
Bjørgvin bispedøme (Dåpshandlingar)	5407	5216	4945	4925	4864	4452
Talmessig endring frå året før	-191	-191	-271	-20	-61	-412
Prosentvis endring frå året før	-3,41 %	-3,53 %	-5,20 %	-0,4%	-1,2%	-8,5%

* Talet på dåpshandlingar i 2017 er samla inn via prostane

Det er eit tydeleg fall i dåpstalet, men det er store skilnader mellom prostia.

Dåpshandlingar fordelt på prostia	2014	2015	2016	2017	Endring	Prosentvis endring
Bjørgvin bispedøme	4945	4925	4864	4452	- 412	-8,5
Bergen domprosti	496	498	554	491	- 63	-11,4
Fana prosti	991	1000	1032	829	- 203	-19,7
Åsane prosti	464	464	462	424	- 38	-8,2
Sunnhordland prosti	633	581	565	560	- 5	-0,9
Nordhordland prosti	385	387	341	335	- 6	-1,8
Hardanger og Voss prosti	431	460	396	381	- 15	-3,8
Sogn prosti	267	246	215	214	- 1	-0,5
Sunnfjord prosti	363	386	366	391	25	6,8
Nordfjord prosti	301	300	295	257	- 38	-12,9
Vesthordland prosti	614	603	642	570	- 72	-11,2

Dåpsandel av eittåringar fordelt på prosti (MR-tal)	Dåpsandel 2015 *	Dåpsandel 2016 *	Dåpsandel 2017 *	Prosentpoeng endring 2015-2016	Prosentpoeng endring 2016-2017
Björgvin bispedøme	79,0 %	80,0 %	80,4 %	1,0 %	0,4 %
Bergen domprosti	64,0 %	66,9 %	67,8 %	2,9 %	0,9 %
Fana prosti	74,7 %	76,1 %	77,1 %	1,4 %	1,0 %
Åsane prosti	73,6 %	74,6 %	75,7 %	1,0 %	1,0 %
Sunnhordland prosti	86,0 %	88,5 %	89,1 %	2,5 %	0,5 %
Nordhordland prosti	81,6 %	86,0 %	84,9 %	4,4 %	-1,1 %
Hardanger og Voss	84,5 %	87,7 %	84,8 %	3,1 %	-2,8 %
Sogn prosti	89,4 %	86,6 %	80,6 %	-2,8 %	-6,0 %
Sunnfjord prosti	87,7 %	88,9 %	91,1 %	1,2 %	2,2 %
Nordfjord prosti	84,9 %	81,3 %	86,0 %	-3,7 %	4,8 %
Vesthordland prosti	82,5 %	84,6 %	83,6 %	2,1 %	-1,0 %

*Dåpsandel er talet medlemmer delt på summen av medlemmer og tilhøyrande i årskullet 1-åringar.

Resultat: Sjølv om det er ein nedgang i tal på døypte, ser ein at dåpsandelen av 1-åringar blant medlemmar aukar. Dette tyder på at oppslutninga om dåp blant medlemmene er relativt stabil.

Vurdering: Talet på dåp går ned og det er ein trend over fleire år. Dette er kritisk for kyrkja. Samstundes ser vi av tala at i dei fleste prosti er det ein aukande del av tilhøyrande som vert døypte. Det prostiet som skil seg ut er Sogn prosti, som hadde ein nedgang i dåpshandlingar frå 2015 til 2016 og det viser seg igjen i, dåpsandelen for 1-åringar i 2017 der det er ein prosentpoengnedgang på 6 frå 86,6 til 80,6 og er nede på gjennomsnittet i bispedømet. Men i 2017 er det så og seia same dåpstal som i 2016, noko som tyder på at dette kan ha vore ein lokal variasjon i fødselstal.

Ser vi på dei fire prostia der dåpshandlingar gjekk ned med over 10%, Domprostiet, Fana, Nordfjord og Vesthordland, ser vi at alle hadde auke eller stabilitet frå 2015-2016. Det fører til at alle utanom Vesthordland har ein auke i dåpsandel av 1-åringar til medlemmer i 2017 og Vesthordland har ein nedgang på berre ein prosent og Det tyder på at nedgangen i dåpshandlingar først og fremst er nedgang i årskull og i liten grad er at færre medlemmer bringer borna sin til dåp.

Tiltak: Det har vorte sett ned ei arbeidsgruppe i Bergen med mål om å fornya dåpsinvitasjonane og dåpspåmelding. Det har ikkje vore mogeleg å måla effekten.

Bispedømet støtta gjennom OVF-midlar Åsane kyrkjelyd sitt prosjekt med å ringa til dåpsaktuelle foreldre. Det vart gjennomført 72 samtalar, 54 var døypt i annan kyrkjelyd eller meldt opp. Av dei uoppmeldte var 11 positive og 7 høfleg avvisande. 90% var positive og 10% negative. Berre 15 % av telefonane nådde målgruppa og ein fekk gitt informasjon, men ein avslutta prosjektet då ein såg liten gevinst i form av auka dåpsprosent.

Sunnhordland prosti hadde i 2016 «Saman om dåp» som tema i prostiet og jobba tverrfagleg med kvaliteten på kontakten med dåpsfamiliane både i påmelding, dåpsamtale og korleis dei vert møtt i kyrkja. Talet på dåpshandlingar for 2016 gjekk ned med 16, men dåpsandelen av 1-åringar i 2017 auka med 0,5 % til 89,1. Det var og ein mindre nedgang i talet på dåpshandlingar, det gjekk ned med 5.

Framtidige strategiar: Det er interessant å følgja utviklinga i dåpstala i Sunnhordland vidare for å vurdera om dei tiltak dei har gjort bør utviklast vidare i heile bispedømet.

Dåpsprosent av fødde

	2012	2013	2014	2015	2016	2017*
Hordaland	68,0	67,1	64	61	61	60
Sogn og Fjordane	95,2	93,4	85	88	84	80
Bergen	54,0	52,5	41	44	44	
Bjørgvin bispedøme	71,5	72,1	67,3	65,1	64	63
Heile landet	63,7	62,0	59,2	57,6		

* Tal på fødde blir offentleggjort frå SSB 6. mars. Her brukar vi tal på barn under 1 år pr. 1.1.2018: Hordaland: 5989, Sogn og Fjordane 1101, Bjørgvin: 7090, Heile landet 52030
Dåpstal Hordaland: 3569, Sogn og Fjordane: 883

Fødselstala held seg på rundt 7500 årleg for Bjørgvin, men tala for døpte har gått ned med 955 på 5 år. Dåpshandlingar i Bjørgvin delt på fødselstal i Bjørgvin var rundt 84 prosent i 2005-2007, nå er det rundt 60 prosent. I denne perioden har mange med utanlandsk statsborgarskap fått norsk statsborgarskap og mange borgarar frå EU-land har komme for å arbeide i Noreg. Flest av desse er personar frå Polen og Litauen. Det fører til at fleire av borna fødd i Noreg ikkje har Evangelisk-Luthersk kulturbakgrunn og difor ikkje naturleg blir døypt.

Det var 4674 døypte (dette er lågare enn talet på dåpshandlingar) i Bjørgvin i 2016. På landsplan hadde vi 14,4 % av alle dåp, og 780 (20 %) fleire dåp enn Borg som er nest størst. Bjørgvin har i 2017 80,4 % døypte 1-åringar av medlemmer og tilhøydande. Det er 5,1 prosentpoeng over landssnittet, men 5,2 prosentpoeng bak Møre og 3,3 prosentpoeng bak Hamar. For tiåringane er talet 89,1 %.

Delmål: DNK skal formidle evangelisk-luthersk tru og tradisjon og tilby trusopplæring til alle døypte born

Resultatmål: Omfanget av trusopplæringstilbodet aukar

Indikator 2: Opplæringstilbod i timar (snitt)

2013	2014	2015	2016	2017
189 (i planane)	148,1 (rapportert gjennomførte)	155 (rapportert gjennomførte)	220	214,2

Det er ein nedgang på 5,8 timar i snitt frå 2016 til 2017. Tala frå 2013-14 er ikkje samanliknbare med 2015-16 pga. ulik måte å hente dei inn på. Frå 2016 er tala henta inn på same måte, men utvalet er mykje større i 2017. Til 2016 henta ein inn tala frå godkjente planar, i 2017 har alle ein plan, og ein hentar inn tal frå heile bispedømet. Dette betyr at det er mykje større timeproduksjon i 2017 enn i 2016, men at snitt-talet har gått ned sidan nye planar har færre gjennomførte timar.

Planane er ulike og nokre einingar har store ressursar og omfattande planar, medan andre har liten tildeling og små ressursar. Planane skal vere lokalt tilpassa og vere mogeleg å gjennomføre ut frå

lokale føresetnadar. Trusopplæringsreforma er ikkje fullfinansiert, og samstundes med innføring av reforma har vi sett at fellestråda mange stader har fått reduserte løyvingar og at det har vore reduksjon i prestestillingar. Det er kritisk for gjennomføring av planane at det er færre tilsettesressursar tilgjengeleg enn det var ved utforming av planen.

Planane er i forming og fokuset har fram til 2017 vore å utvikle ein plan. No er det tid for å gjennomføre planane. For dei nyaste planane er det ofte ei utrulling og utvikling over nokre år før alle tiltaka er i gang. For dei eldste planane sin del handlar det om å revidere og oppdatere planane slik at ein fjernar tiltak ein ikkje lukkast med og lagar nye tiltak som ein klarer å gjennomføre. Passive tiltak - tiltak ein har slutta med og tiltak ein ikkje ennå har starta opp - gjer at timetalet i snitt er lågare enn i godkjente planar.

Ved vakanse og sjukmeldingar er kapasiteten til å gjere alle tiltaka i planen lågare enn elles, og det er større sjanse for avlysing av tiltak. Avlyste tiltak fører til færre timar i planen. Utvikling og oppstart av nye tiltak er også ressurskrevjande og kan fort bli nedprioritet i stabane. God langtidsplanlegging og godt samarbeid i staben lettar arbeidet med trusopplæringa.

Tiltak: Vi prioriterer samlingar for trusopplæringsmedarbeidarar med eit lærande og utviklande fellesskap, der flest mogleg får bidra med sin kompetanse og der alle skal bli sett og bekrefta. I årsrapportsamtale og kurs og samlingar elles formaterer vi samlingane ut frå situasjonen til einingane som er samla. Vi utvida og samla årsrapportsamlingane i Sogn og Fjordane i 2017 og tok opp blant anna revidering av planar og kva ein gjer med passive tiltak. Rådgevarane har ikkje nokon fasit på kva som fungerer lokalt, men kan kome med læringserfaringar og innspel slik at lokale planar over tid blir betre. I neste omgang vil dette slå ut i fleire timar med trusopplæring i einingane.

Resultatmål: Oppslutninga om trusopplæringa aukar

Indikator 3: Deltakardel i utvalde landsomfattande breiddetiltak

	Dåps- samtale	4 års- bok	6 års	Tårn- agent	Lys vaken	Konfir- masjon	Etter konfir- masjon	Total
Døypte i målgruppe	4273	4635	5325	4671	5422	5871	3418	33615
Deltakarar	4310	2243	1588	1191	1454	5287	425	16498
Prosent 2017	101	48	30	25	27	90	12	49
Prosent 2016	107	55	38	30	29	92	10	52
Prosent 2015	103	58	38	31	31	93	11	53
Prosent 2014	101	60	40	30	34	93	28	56

Prosenttala for deltaking på dei utvalde landsomfattande breiddetiltaka går ned. Det er kritisk. Likevel er talet for kor mange som tek del auka mykje i denne perioden på fire år. Det betyr at prosenttala år

for år ikkje gir heilt rett bilete av situasjonen sidan det har vore gradvis utrulling av reforma i ulike prosti. I nokre prosti er det større oppmøteprosent enn andre.

Eit døme på utfordringane er: For 4-årsfasen sin del kan det vere at ein ved å byggje opp trusopplæringstiltak rundt utdelinga av 4-årsboka har utvida til fleire samlingar - då risikerer ein at færre kjem sidan ein kanskje blir invitert til ei eller to samlingar ekstra før eller etter utdelinga. For å motverke effekten av det, kan det hende vi skal gi råd om å splitte opp i fleire tiltak - der reindyrka utdeling vert eit eige tiltak. Så kjem spørsmålet om det å få ei bok i dag er så lukrativt for ein familie at dei set til side andre planar for denne dagen. I Loddefjord opplevde dei ein auke i oppmøtet på 4-årsbokutdeling ved å ha utdeling to helger på rad (i 2016) - og der ein kunne velje når og kor ei ville kome.

Vi ser elles at det vert gjort mykje bra arbeid rundt skulestartgudsteneste og 6-årsbok, men dette er litt nytt, og litt i forming ennå. Lys Vaken og Tårnagenthelg er ressurskrevjande tiltak som går ganske bra mange stader, men som også kan vere sårbare ved vakanse og sjukdom. Dei trekkjer normalt sett meir folk enn andre lokalt utvikla trusopplæringstiltak, men kostnaden ved mykje administrasjon og tilrettelegging kan føre til at det går på bekostning av andre lokale tiltak som er mindre ressurskrevjande.

Generelt sett er hovudutfordringa for trusopplæringa knytt til fire problemstillingar: Interesse, tid, tillit og merksemd. For å komme på eit trusopplæringstiltak må familien kjenne til tiltaket. Det handlar om marknadsføring (brev, annonse, plakat, kyrkjelydsblad, sosiale medier osv). Ein må i tillegg ha tid til å kome/sende sitt barn til tiltaket - det krev planlegging og prioritering i heimen. Prioritering er også kopla opp mot interesse og tillit. Har ein interesse for det som skal skje, blir aktiviteten vurdert som nyttig og relevant? Dersom ein har tillit til kyrkja gjennom relasjonar eller ved at ein er med i kontinuerleg arbeid i kyrkjelyden, eller kjenner nokon som er med, så er det enklare å delta på trusopplæringstiltaka. Dei siste to åra har vore krevjande for mange i kyrkja uansett syn i konfliktsaker. Det trur vi kan ha gjort arbeidet med å få barn og unge til å komme på trusopplæringstiltak vanskelegare. Medieoppslag nasjonalt, regionalt og lokalt påverkar folk sitt syn på kyrkja. Synet på kyrkja som heilskap slår ut i vala folk gjer. I årsmeldinga frå prosten i Åsane blir det til dømes vist til stor nedgang i dåp lokalt i Åsane sokn etter fleire oppslag i avisene om ny vigselsturgi.

Tiltak: I stort handlar det om å bygge gode relasjonar og godt omdøme, lokalt til kyrkjelyden, men og omdøme til kyrkja som institusjon. Det tek tid å bygge relasjonar, difor er høg turnover på trusopplærarar, eller dei som arbeider med barn og unge, kritisk. Gode tiltak saman med fellestråda, som kurs for nye tilsette og kompetansetiltak underveg, er avgjerande viktig.

Vi byggjer på erfaringar og rettleier for smartare trusopplæring; meir trusopplæring for mindre ressursar. Vi arbeider med marknadsføring og med å få gode tips og råd frå kvarandre for å lukkast med arbeidet. Arbeidet er også dynamisk, det som fungerte i fjor er ikkje sikkert fungerer i år, difor må ein også liggje i forkant og utvikle arbeidet før det er utdatert. Vi heiar difor på gode lokale initiativ og utviklingsprosessar.

Resultatmål: Oppslutninga om konfirmasjon vert halden oppe

Indikator 4: Del konfirmerte av døypte 15-åringar

Konfirmerte av døypte 15-åringar	2013	2014	2015	2016	2017
	92,9	92,1	92,9	92	89

Tala var ganske stabile i 2013-16. I 2017 ser vi ein nedgang med 3 prosentpoeng, det er kritisk. Konfirmantbrosjyren vart tidlegare sendt til alle folkeregistrerte i rett aldersgruppe. For 2018 – konfirmantane gjekk brosjyren til medlemmer og tilhøyrande – ein nedgang på 22% i talet på utsendingar – det kan få dramatiske konsekvensar for talet for konfirmantar i 2018.

Tala for 2017 viser stabilitet dei fleste stader, men nedgang i Fjell og Landro sokn i Fjell, Strusshamn på Askøy og Moster på Bømlo. Dette er, som tidlegare nemnt, stader der lokale media har tatt opp likekjønna vigsel og vore kritisk til tradisjonelt konservativ teologi, og prestane sine standpunkt. Det er vanskeleg å seie at dette er heile årsaken til nedgangen, og direkte knytte det til turbulens i kyrkja og i media, men det er interessant at det er desse stadene ein ser slike utslag.

Bjørgvin bispedøme har hatt ungdom som eit av satsingsområda sine, og då særleg ungdom etter konfirmasjonstida. Dette vil ein fortsatt halde høgt, ut frå tilbakemeldingane frå kyrkjelydane i samband med Strategi og årsplan 2018-2020. Det blir gjort svært mykje godt arbeid i kyrkjelydane, men utskifting av mannskap og ungdomskull gjer at dette feltet treng stadig merksemd på fornying og opplæring.

Vurdering av tiltak: Det er viktig å halde oppe høg kompetanse blant alle som står i formidlingsstillingar, til dømes i konfirmantarbeidet og trusopplæring. Ei side av dette er den systematiske jamlege oppfølginga av kompetansetiltak. Felles kurs for nye tilsette i samarbeid med fellestråda er eit anna strategisk viktig grep. Bjørgvin bispedøme er også aktivt inne for å legge til rette for gode fellestiltak på tvers av sokna for å styrke konfirmantarbeidet og leiartrening.

3.3 Kyrkje og samfunn

Folkekyrkja engasjerer seg i samfunnet

3.3.1. Diakoni

Resultatmål 1. Fleire kyrkjelydar utviklar plan for diakoni

Indikator 1: Sokn med plan for diakoni

Diakoniplanar	2015	2016	2017
	99	93	102

Det er ein auke i diakoniplanar i 2017. Nedgangen i 2016 har vi ikkje nokon forklaring på, anna enn at det truleg er manglande rapportering. Vi vurderer auken som resultat av langsiktig arbeid. I siste del av 2017 har vi hatt vakanse i diakonirådgevarstillinga, og difor mindre fokus på dette enn ønskeleg.

Det har dei siste åra vore mange gode kompetansetiltak og nettverkstiltak innan det diakonale feltet i Bjørgvin. Noko av dette har levd sitt eige liv, litt på sida av bispedømerådet sine årsplanar. I strategien for 2018 til 2020 vil Bjørgvin bispedøme løfte diakoni og rekrutterande fellesskap opp som eit av tre satsingsområde.

For å auke talet på diakoniplanar ytterlegare, vil eit ta eit nytt grep ved å samarbeide tettare med prostane og sokneprestane i enskilde prosti. Der det er diakon, er planane på plass, utfordringa er å løfte dette inn der det ikkje er tilsett diakon. Det vert og arbeid med eit prosjekt på å auke talet på frivillige i ulike tenester i kyrkjelydane. Innan for misjon, har Bjørgvin bispedøme og eit samarbeidsprosjekt med NMS, «Use your talents», om arbeid med frivillige, som har stor overføringsverdi også til diakonifeltet. Det handlar om å lære av kyrkjelydar som har lite ressursar, men som ser ressursane hos dei som treng hjelp. I første runde er dette eit prosjekt i Sunnfjord prosti.

Det vert frå 2018 felles kurs for nye tilsette i samarbeid med fellesrådet i Bergen. Dette blir tilbode alle fellesråd etter kvart. Vi tenker at felles opplæring vil hjelpe til å løfte det felles ansvaret kyrkjelyden har for diakonifeltet, slik at ein i større grad tenker tverrfagleg. Det er eit lite, men viktig steg. Med få diakonar er også fagdagar for diakonar viktige for å rekruttere og behalde kvalifiserte diakonar i stillingane.

Flyktingar

I januar vart det arrangert ein verkstad om «Flyktningekrise – eitt år etter». 35 deltakarar delte erfaringar og drøfta ulike utfordringar i arbeid knytt til kontakt med flyktingar. Dette var ei oppfølging av eit fagseminar i 2015.

3.3.2 Forbruk og rettferd

Resultatmål 2: Fleire kyrkjelydar vert grøne kyrkjelydar.

Indikator 2: Tal på grøne kyrkjelydar

Resultat: Talet på grøne kyrkjelydar har auka med to frå 25 til 27 i 2017.

Vurdering: Det har vore ei langsam auke over fleire år. Fleire av dei eksisterande grøne kyrkjelydane vart registrert for fleire år sidan og vi er ikkje sikker på kor stor aktiviteten og engasjementet er.

Tiltak: Bispedømet har ei ressursgruppe for miljø og rettferd og har ein prostikontakt i kvart prosti som jamnleg har felles samlingar. I valåret 2017 prioriterte ein å gå ut på den offentlege arena for å

fremja miljødebatten i valkampen ved å skipa til eit debattmøte. Målsettinga med debatten var å opplysa om det siste innan klimaforskning og klimapolitikk, stimulere til eit fortsatt fokus på klimaet ved stortingsvalet, og å synleggjera kyrkja som støttespelar i utviklinga av ei bærekraftig klimapolitikk i åra som kjem.

Målet vart oppnådd, debatten var vellukka. Biskopen saman med ressurspersonar heldt innlegg og representantar frå partia representert ved Hordaland fylkeetinget deltok i debattens panel.

3.3.3 Misjon

Resultatmål 3: Fleire kyrkjelydar er engasjerte for misjon

Indikator 3: Tal på kyrkjelydar med inngått misjonsavtale

Tal på kyrkjelydar i Bjørgvin bispedøme med misjonsavtale er 142 (131 i 2016).

Arbeidet med SMM fungerer godt i Bjørgvin. NMS er den største med 102 avtalar. Som nemnt har vi eit samarbeidsprosjekt i Sunnfjord med NMS om «Use your talents», om korleis ein kan nytta metodane frå misjon i sør til kyrkjelydsutvikling i Noreg. Ingvald Frøyen og prosten i Sunnfjord arbeider vidare med dette.

Det er elles mange gode innspel frå SMM sentralt som vert tekne vidare i SMM Bjørgvin. Vi har lukkast med å lage eit opplegg med fokusområde frå kvar av SMM-medlemsorganisasjonane som vert arbeidd vidare med i heile Kyrkjefagavdelinga.

Ein ser elles eit behov for å sjå dette arbeidet i samanheng med «Den Verdsvide kyrkja» Kirkens Nødhjelp og dei kyrkjelydane som har vennsapsavtalar vert kopla på og vi har planar om ei samling om «Den verdsvide kyrkja» hausten 2018, under Global veke

3.3.4 Kommunikasjon og samfunnskontakt

Mål: Kyrkja er ein relevant aktør i mediesamfunnet.

Kyrkja er ein tydeleg og konstruktiv aktør i det norske samfunnet i samarbeid med styresmakter, livssynssamfunn, kulturliv og ulike organisasjonar.

Resultatmål 4: Kyrkja blir meir tilgjengeleg på Internett

Indikator 1: Treff på heimesidene

kyrkja.no/bjorgvin	2016	2017
Økter	28904	35747
Unike brukarar	13305	18951

I 2017 var det mange oppslag knytt til Reformasjonsbyen Bergen, eit eige domene med det namnet sende lesarane direkte til våre nettsider. Elles er ledige stillingar og søkjarlister populært stoff, noko som tyder på at nettsidene helst når folk som er engasjerte i kyrkja. Det har og vore brukt videoopptak /streaming av ulike kurs og konferansar. Sist samling var om forslag til ny lov for trus- og livssynssamfunn. Dette har fått positive tilbakemeldingar, både fordi ein kan delta utan å måtte reise, og fordi det er betre for dei som er i deltidsstillingar. I tiltak for 2018-2020 ligg det inne at vi vil vidareutvikle denne typen kommunikasjon.

Indikator 2: Følgjarar på facebooksider

Björgvin bispedøme fekk sin eigen facebookprofil i samband med stiftsdagane i juni 2017. Den har 264 følgjarar. Den mest populære posten var ei «gladsak» om ordinasjon av ein ung kvinneleg ungdomsprest, delvis henta frå Askøy kyrkjelege fellesråd si facebookside.

Ein video-enquete om «Hva er nåde?» fekk også mange visningar.

«**Biskop Halvor**» er ein profil som biskopen har hatt sidan 2010. Den har 824 følgjarar. I tillegg har han sin meir personlege profil med over 1300 vener.

Ei julehelsing i form av ein video der biskopen forklarte eit maleri, vart sett av flest. Deling av saka frå bispedømet sin facebook om ordinasjon av ein ung kvinneleg ungdomsprest og biskopen sin positive kommentar til eit intervju om det å jobba som prest med to kvinnelege prestar, var dei andre sakene som fekk mest merksemd.

I høve reformasjonsmarkeringa vart det oppretta ein eigen facebookprofil med namnet «Reformasjonsbyen Bergen 2017». Den har 508 følgjarar. Denne vart brukt mykje til å invitera til ulike arrangement. Ein video frå «Allsalmesang» på Torgalmenningen fekk mest merksemd, saman med ein video av ein Luthersalme i jazzarrangement.

Indikator 3: Presseklipp

Det vart i 2017 registrert om lag 337 relevante presseklipp på biskopen i Björgvin. Dette er ein nedgang frå 2016 då han var omtalt i 693 presseklipp. Følgjande saker fekk mest oppslag:

Presseklipp biskop Halvor Nordhaug	KLIPP	PROSENT
Likekjønna ekteskap	62	18
Tru og samfunn-politikk	53	16
Reformasjonen - reformasjonsbyen Bergen	27	8
Visitasar (omtale før eller reportasje undervegs)	22	7
Flyktningar og asylpolitikk/konvertittar	15	4
Bisperolla, bl. a om åremål	14	4
Vigsler ute i naturen	11	3
Ordinasjon	9	3
Egon Askviks død - minneord og omtale	8	2
Luther øre	7	2
Teologi	8	2
Organisering av kyrkja	7	2
Konfirmantar som vil reservera seg mot prestar	6	2
Prestens samliv/sambuarskap	6	2
Valgmenighet	6	2
Prestar	6	2
Konfirmasjon på bedehuset	6	2

Biskopen er registrert med 10 lesarinnlegg eller kronikkar.

Blant store endringar i høve til 2016 er færre saker knytt til likekjønna ekteskap fordi saka i praksis vart avgjort i 2016. Denne saka og det som følgjer med av debatt og reaksjonar, var likevel den dominerande saka i media.

«Luther øre»

Serien «Luther øre» på Litteraturhuset i Bergen var ei oppfølging i reformasjonsåret av serien «På troen løs». Konseptet er at ein gjest held eit føredrag og biskopen og publikum stiller spørsmål eller gjev respons etterpå.

Møta vart haldne på Litteraturhuset i Bergen. Nesten alle møta blei videofilma og seinare lagt ut på nettsidene våre. Aldersprofilen hella mot ei overvekt av publikum som var eldre enn 60 år. Eit tydeleg unnatak var møtet med Harald Eia der 36 % var under 30 og 64 % var under 50.

Nådde nye

Resultata viser at arrangementa har nådd stadig nytt publikum, samstundes med at det var fleire gjengangarar som tydelegvis sette pris på arrangementa. Ein nokså stor del av publikum seier at dei ikkje har noko aktivt forhold til Den norske kyrkja.

Publikumsundersøkingar på seks av arrangementa gav følgjande svar på spørsmåla: «Har ikke vært til stede på Luther øre tidligere» og «Jeg har ikke noe aktivt forhold til noen menighet». N= svar.

Publikum på Luther øre	Første besøk	Ikkje aktiv	n	Publikum
500 år siden reformasjonen - grunn til feiring? Biskop Halvor Nordhaug	-	-	-	87
Lutheranarar og katolikker:Frå konflikt til fellesskap Sr. Else-Britt Nilsen, Den katolske kirke	32 %	28 %	92	48
Reformasjonen og kunsten. Prof. Gunnar Danbolt	64 %	47 %	36	90
Jeg og Luther. Prof. Frank Aarebrot	-	-	-	70
I fotspora til reformasjonen. Prof. Gunnstein Akselberg	-	-	-	25
Kirken i det offentlige rom. Anna Elisa Tryti/Frøy Gudbrandsen/Knut Dørum	-	-	-	31
Hvorfor er jeg litt redd religion? Harald Eia	73 %	71 %	64	95
Lutheraner på bortebane. Biskop em. Erling Pettersen	56 %	26 %	19	23
Luther og damene. Sokneprest Kjersti Brakestad Boge	33 %	44 %	18	30

Johan Nordahl Brun-prisen

Den årlege mottakinga i Korskirken i Bergen med utdeling av Johan Nordahl Brun-prisen er også ein arena i skjæringspunktet mellom kyrkja og samfunnet/kulturen. Årets pris vart delt ut posthumt til sokneprest i Leikanger, Egon Askvik posthumt. Han fekk prisen for sitt breie engasjement for samspel mellom kyrkja og kulturen. Egon Askvik har saman med familien gjeve ut CD'ar og halde fleire konsertar med folketonar og salmar, og han har også gjeve ut boka «Kyrkjefolk» som inneheld intervju med kyrkjefolk frå 0 til 100 år i Leikanger.

3.4. Rekruttering, frivillig teneste og prestedekning

3.4.1 Geistleg personale

Indikator 1: Årsverk i Bjørgvin totalt og andel presteårsverk

Administrasjon		Prest		Total		% prest		Vakansar	
2016	2017	2016	2017	2016	2017	2016	2017	2016	2017
14,0	13,4	162,8	152,2	176,8	165,5	92 %	92 %	0	3

Bjørgvin bispedøme har i 2017 hatt 152,15 presteårsverk, mot 162,8 årsverk i 2016. Vår vurdering er at om lag 163 presteårsverk er det vi bør ha. I 2017 har vi hatt tre vakansar der vi ikkje har klart få søkarar, (stillingar i Nordfjord prosti). Alle prosti og administrasjonen ved bispedømekontoret har måtta styre med eit årsverks vakanse. Dette er hovudforklaringa på differansen mellom 162 og 152 årsverk frå 2016 til 2017. Utrekningane av årsverk er komplekse, til dømes har vi 2,5 årsverk der vi har inntekter. Det gjeld eit årsverk frikjøp til sjukeheimspresteteneste i Bergen, kommunale midlar til halve stillinga i Masfjorden, og nokre andre. Det er også gjort personaltiltak med å ha nokre seniorstillingar som går inn i vakansar over eit år i Bergen.

Vi har i 2017 måtta nytta vikarar i større omfang enn normalt. I totalen er vikarbruken: 4,6 årsverk bruk av pensjonistar og 2,1 årsverk kjøp av framande tenester.

Bjørgvin har normalt 5,5 årsverk på student- og fengselsprest. Ei stilling i fengsel er halden vakant, og vil truleg ikkje bli erstatta. Vi har i tillegg eit årsverk på satsinga 18-30 år, og ein prest som utfører 20 prosent studentpresteteneste i Sogndal. Totalt har vi 3,2 årsverk presteteneste retta mot studentar/unge vaksne. Vi har tilskot til fleire presteprestillingar frå lokale sokn eller samarbeidspartnarar, totalt 3,5 årsverk. For 2018 budsjetterer vi 157,4 årsverk til vanleg presteneste i kyrkjelydane.

Bjørgvin bispedømeråd har i fleire omgangar dei siste åra redusert årsverk i administrasjonen. Det var i tildeling tidlegare rekna inn 16,7 årsverk. I tillegg hadde ein eksterne midlar på rådgjevarar for det grøne og misjon (SMM). Det har vore ein variasjon på mellom 16 til 19 personar tilsett, i noko ulike stillingsprosentar. Slik vi forstår det er biskopen ikkje rekna med i desse tala. Det er no tilsett 16 personar, alle i 100 prosent stilling. Av desse er 110 prosent stillingsressursar dekkja gjennom eksterne midlar. Det gjev 14,9 årsverk. I 2017 hadde vi frikjøp på 50 prosent stilling, og vi hadde diakonirådgjevar ute i permisjon hausten 2017 og fram til mars 2018. Sidan tala er henta ut 31. desember blir årsverktalet 13,4, men normalt vil det vere 14,9 årsverk i budsjettet.

Det vart redusert med eit årsverk i administrasjonsavdelinga allereie i 2014. Dette blei gjort ved at resepsjonen vart fordelt på ulike stillingar, og ved bruk av direktenummer. I praksis er det få telefonar via sentralbordet. Vidare blei også serviceoppgåver rundt tilrettelegging av møte fordelt direkte ut til den einskilde rådgjevar. Frå 2017 er 60 prosent av sekretærfunksjonen for prostane i Bergen henta inn til bispedømekontoret der medarbeidarar i personalavdelinga er ressurs på ulike område for prostane. Det er tilsett jurist for desse midlane, som også har oppgåver knytt til satsing på rekruttering og sakshandsaming på gravferdssaker m.m.

Bispedømerådet har i dag eksterne midlar som dekkjer 50 prosent misjonsrådgjevar. Fagfelte det grøne og inkluderande kyrkjeliv blir i nokon grad dekkja av dei andre fagrådgjevarane på diakoni og trusopplæring. Det er samstundes etablert eit nettverk av ressurspersonar ute i fleire prosti. På

inkluderande kyrkjeliv har ein gjeve REU-kurs i «Funksjonshemming og kirken» til fem prestar dei siste to åra, i tillegg har vi to prestar som har særleg kompetanse på feltet. Ein rådgjevar ved kontoret er koordinator for nettverket, og ein av prestane vert noko frikjøpt til oppfølging av utval for utviklingshemma og kurs. Utvala på diakoni, det grønne og arbeid med utviklingshemma har også medlemmer som har særleg kompetanse og engasjement. Hausten 2017 hadde diakonirådgjevar permisjon utan at vikar vart sett inn. Ein kjøpte då noko kompetanse på diakoni på timebasis frå Stavanger bispedøme og på misjon frå Møre. Oppfølging av SMM dekkar vi opp internt. Ungdomsrådgjevar er kopla til prosjektet St Jakob – Bergens kulturkirke for unge, og samarbeider tett med ein av rådgjevarane på trusopplæring. Arbeid blant ungdom er eit felt vi brukar mykje ressursar på, mellom anna gjennom satsinga på Unge vaksne 18-30 og leiartrening.

Det er ikkje landa endeleg om ein reduserer rådgjevarstillinga for inkluderande kyrkjeliv, men den vert halden vakant.

Det har vore viktig for Bjørgvin bispedømeråd at reduksjon i stillingar også har vore fordelt på administrasjonen. Andelen presteårsverk av alle årsverk har dei siste åra vore 92 prosent.

Indikator 2: Kyrkjemedlemmer pr. fast prestestilling

Bjørgvin bispedøme har 3058 medlemmer per prest. Justert med 157,4 årsverk i kyrkjelydsteneste blir det 2953 medlemmer per prest. Dei to bispedøma med høgast tal er Stavanger med 3483 og Borg med 3572. Nidaros, Møre og Tunsberg ligg om lag der Bjørgvin ligg med mellom 2950 og 3100 medlemmer per prest. Sogn og Fjordane sin geografi og demografi gjera at fylket truleg liknar meir på Nord-Hålogaland i tal. Det gjer at snittala for Bjørgvin blir lågare enn det reelle biletet. Delar av bispedømet har store avstandar og få folk, med dei utfordringane det medfører. Andre delar har høgare befolkningstettleik enn snittala syner.

Difor liknar deler av Bjørgvin Borg og Stavanger i medlemstal per prest. Om ein til dømes samanliknar med Borg, har Bjørgvin høgare tal på dåp per prest og fleire konfirmantar per prest, men færre gravferder og vigslar. Der ein særleg ser geografi att i tal, er på gudstenester per prest. Mange sokn i grisgrendte strøk har høgare tal på gudstenester pr. prest enn det vi finn i byområda.

Samanlikna med andre bispedøme vil vi difor vurder at vi styrer presteressursane godt, og at vi handsamar både geografi og folketettleik med eit bra skjøn, i eit komplekst landskap.

Indikator 3: Kyrkjelege handlingar pr. faste presteårsverk

Prestar	Konfir- mantar	Per prest	Vigslar	Per prest	Grav- ferder	Per prest	Dåps- handlingar	Per prest
152,15	5 221	34,3	883	5,8	4 184	27,5	4 398	28,9

Når det gjeld tal på gudstenester, vigslar og gravferder målt mot presteressurs så har prestar i Bjørgvin samla 88,8 tenester per prest. I Nidaros er same tal 84,8. For Stavanger er det 96 og Borg 90. I dette ligg det og inne feilmargen i tal på årsverk, sidan 2017 er eit år med høgare bruk av vikarar. Ved årsverktall justert til 157,4 (budsjett), så blir det om lag 85,9 tenester per prest. For Bjørgvin er utfordringa at det er så stor skilnad på by og distrikt, og difor seier gjennomsnittstalet lite.

Talet på gudstenester per prest er 54,1, eller justert 52,3 gudstenester per prest. Det er fleire gudstenester per prest enn snittet. Talet er høgare i distrikta enn i Bergen. I distrikta har vi for få prestar tilgjengeleg i høve til behovet for å ha gudstenester i mange kyrkjer. I Bergen er det

gravferdstala og andre kyrkjelege handlingar som er utfordrande. Dekninga på gudstenester er der god. På konfirmantar per prest og dåpshandlingar per prest ligg òg Bjørgvin noko over snittet. Også her er tala høgare i Bergen enn i distrikta.

Dette syner seg mellom anna også i talet på gudstenestefrekvens på sun- og helgedagar. Her ligg både Bjørgvin og Nidaros under landssnittet. Bjørgvin har 56 prosent, mot snitt 59 prosent av alle 64 dagar i kategorien (Kjelde: tabell 1.3). Bjørgvin har 182 sokn å betene, som gjev frekvens på 55 prosent. Det er i statistikken rekna med 178, dette truleg fordi nokre sokn i Aurland og Øygarden rapporterer samla. Det er bispedømer med mykje geografi som får lågast gudstenestefrekvens. Truleg ligg frekvensen i Bjørgvin godt under 55 prosent i deler av bispedømet fordi sokna i Bergen og omland truleg har 90 til 100 prosent.

Indikator 4: Ekstratenester (gudsteneste, gravferd, vigsel)

Bjørgvin hadde i 2017: 27 vigslar, 9 gravferder ved andre, 20 ved prest, og 14 gudstenester ved andre og 14 ved prest. I 2017 har ein hatt mange vikarar og kjøp av einskildtenester. Det gjer at ein klarar å halde opp talet på tenester. I nokre prosti kan det vere ei vurdering om ein bør halda av noko midlar til vikarar på gudstenester i høgtider, særleg julaften og 17.mai, framfor å ha faste årsverk.

Indikator 5: Talet på nytilsette prestar

Vi har i 2017 tilsett 12 prestar, 6 kvinner og 6 menn. 8 av dei kom frå annan stilling i kyrkja, 3 var nyutdanna og ein kom frå utlandet.

Indikator 6: Vakansar i faste prestestillingar

Vi har i 2017 hatt 15 utlysingar, der to er stillingar som er lyste ut fleire gonger. Ved årsskiftet er det tre stillingar ein ikkje har prest i.

Indikator 7: Talet på prestar som har slutta før fylte 67 år, eksklusiv overgang til annan prestestilling.

5 prestar har i 2017 slutta i Bjørgvin. Ein har gått til annan stilling i kyrkja, 2 til stillingar utanfor kyrkja, medan 2 har gått av med AFP.

Indikator 8: Utlysingar, søknader og tilsetjingar i prestestillingar

På dei 15 utlyste stillingane har vi motteke 56 søknadar og tilsett i 12 av stillingane.

Indikator 9: Søknader og tilsetjingar 2008 – 2017

Vi ser ei positiv utvikling i tilsetjingar. Vi har ei stor auke i tal på søknader, noko som synar at mange vil til Bjørgvin. Det er samstundes søkjarar som er tilsett i annan stilling i bispedømet, noko som tyder på at dei er positive til Bjørgvin bispedøme som arbeidsgjevar. Samstundes er vi bekymra for søkartilgangen, særskilt i Sogn og Fjordane.

Indikator 10: Tilsetjing etter siste tilsetjingsforhold 2013 – 2017

Dei fleste av tilsetjingane er av prestar som kjem frå annan prestestilling i rettssubjektet. Derneft er det er det klårt flest frå utdanningsinstitusjonane. Berre eit fåtal kjem frå stillingar utanfor kyrkja eller utlandet.

Indikator 11: Avgang 2013 – 2017

Dei fleste som har slutta i Bjørgvin bispedøme dei siste åra har gått over til å verta pensjonistar, dei fleste ved oppnådd aldersgrense, men og nokre har gått av med AFP. Derneft er overgang til annan "statleg" prestestilling den største posten.

Indikator 12: «Ny-rekruttering» 2013 – 2017

Ny-rekruttering er noko bispedømet har stort fokus på. Det gjenspeilast og i tabellen 4.10 der ein kan sjå at Bjørgvin har det nest høgaste talet i landet. Bispedømerådet er og sterkt oppteken av dette, då vi veit at mange av våre prestar går av med pensjon dei næraste åra. Difor er det særst viktig med ny-rekruttering frå utdanningsinstitusjonane.

Indikator 13: Aldersfordelinga i presteskapet

Bjørgvin er blant dei bispedøma med høgast andel prestar over 60 år. Om ein tek med prestane i gruppa 50-59 år, ser vi at to tredjedelar av prestane våre er over 50 år. Vi gler oss likevel over at fleire at tilsettingane i 2017 var unge prestar som kom rett frå utdanning.

Samla vurdering er at Bjørgvin bispedøme har utfordring med rekruttering framover, når det blir avgang frå eldre prestar. Bjørgvin har og ei noko svak rekruttering av søkarar som ikkje kjem frå bispedømet, og ein jobb å gjere med å halde god kontakt med ungdom som tek kyrkjeleg utdanning. I tiltaksplanen for 2018-2020 er dette tungt inne. Både tiltak for å få ungdom til å velje kyrkjeleg utdanning, og tiltak overfor alle dei ulike utdanningsinstitusjonane.

3.4.2. Vigsla stillingar

Resultatmål 1 : Rekrutteringa til vigsla stillingar vert styrka

Indikator 1: Tal på vigslingar

Det blei i 2017 ordinert 3 prestar, det same som i 2016. To av dei til teneste i bispedømet, i Nordfjord og Nordhordland prosti. Den siste til stilling som ungdomsprest fellesråd i Vesthordland prosti.

Det vart vigsla tre diakonar i bispedømet i 2017.

3.4.3. Frivillig teneste

Resultatmål 2: Fleire vert engasjerte i frivillig teneste i kyrkja

Indikator 2: Tal på frivillige

2015	2016	2017*
12324	12924	12653

* *Kjelde: Førebels tal frå SSB*

Det er relativt stabile tal på frivillige. Det er ein nedgang etter 2016, men var ein oppgang i 2016, og 2017 ligg høgare enn 2015. Rekruttering til både løna og uløna teneste i kyrkjelydane vil vera noko Bjørgvin bispedømeråd ønskjer å gje mykje merksemd dei neste tre åra. Det er òg eit samarbeid med NMS rundt metoden «Use your talents», som går på å sjå ressursane hos dei som melder behov, like mykje som å kome med løysing eller hjelp.

C. Oppdrag frå Kyrkjerådet

3. 5 Kyrkje/skule og ungdomsarbeid

Indikator 1: Besøk i kyrkje utanom gudsteneste og besøk frå kyrkjeleg medarbeidar

Gudstenester for skuleborn

	2014	2015	2016	2017
Gudstenester	423	414	428	413
Deltakartal	77896	71811	76398	71617
Gjennomsnitt	184	188	179	173

Gudstenester for barnehageborn

	2014	2015	2016	2017
Gudstenester	243	214	230	242
Deltakartal	16411	14469	15465	14128
Gjennomsnitt	67	67	67	58

Som statistikken syner, skjer det mykje godt barnehage/skule-kyrkje samarbeid. Skule/kyrkje samarbeid fell litt mellom to stolar. På ei side har vi ei klar avgrensing mot å nytta ressursar frå trusopplæringsmidlane i skule/barnehage-kyrkje samarbeidet. Katekettenesta er og i større grad blitt knytt til trusopplæring, og samstundes har det blitt færre kateketar og fleire kyrkjelydspedagogar i kateketstillingane. Dette står ikkje direkte i tenesteordninga til prestane. Difor er det eigentleg ingen som har det i sitt direkte arbeidsområde. Utvikling av godt skule-kyrkje samarbeid er difor litt for avhengig av den einskilde sitt initiativ, med mindre det allereie er etablert gode rutinar lokalt.

Talet på gudstenester er relativt stabilt, men med noko årleg variasjon. Det er og ei tendens at ein går frå barnehagegudstenestar til jule- og påskevandringar i kyrkje. Dette er kvalitativt eit mykje betre tilbod, men krev meir ressursar per barn. Endringa vi ser med ei auke i talet på barnehagegudstenestar, og samtidig ei nedgang i tal på deltakarar, skuldast nok at det er fleire vandringar, men i mindre grupper.

Det er og den same tendensen at ein går frå skulegudsttenestar til julesamling i kyrkja. På Voss melder prosten at dette vore ei god løysing. Då forankrar skulane det i generell del, og i KRLE i sine planar, og alle skulane kjem. Forankring i plan, gjer at dei kan nytta pengar til buss. Og det er berre nokre få born som har bede om fritak. Korleis ein løyser dette er veldig forskjellig frå kyrkjelyd til kyrkjelyd, og frå kommune til kommune - der det fungerer godt er det ingen grunn til endre noko.

Indikator 1: Gjennomsnittleg tal på tiltak for ungdom.

	Kontinuerlege tilbod for 13-17 år			Einskildtilbod for 13-17 år			Leiarkurs for unge 13-17 år		
	2016	2017	Endring	2016	2017	Endring	2016	2017	Endring
Björgvin	105	134	28 %	68	110	62 %	65	63	-3 %
Nasjonalt	796	740	-7 %	533	529	-1 %	660	561	-15 %

Indikator 2: Tilbod til unge 13 – 17 år , einskildtiltak og kontinuerlege

	Kontinuerlege tilbod for 18-30 år			Einskildtilbod for 18-30 år			Leiarkurs for 18-30 år		
	2016	2017	Endring	2016	2017	Endring	2016	2017	Endring
Björgvin	31	41	32 %	16	37	131 %	14	13	-7 %
Nasjonalt	245	311	27 %	144	189	31 %	97	94	-3 %

Tal frå tabell 5.2 og 5.3: Tiltak utover det som vert rapportert som timar i trusopplæringsplanen.

Björgvin har ein meir positiv utvikling enn det nasjonale nivået i talet på tiltak for alle gruppene ungdom unntatt leiarkurs for 18-30 der det er eitt mindre leiarkurs enn i 2016. Det er ein gledeleg auke på 28 prosent på kontinuerlege tilbod for 13-17 år, frå 105 til 134, deltakinga er gått opp 32 % frå 2214 i 2016 til 2925 i 2017. Det er ein god auke på 62 prosent av einskild tilbod for denne aldersgruppa, frå 68 til 110, men deltakartalet har gått ned med 13 % frå 1726 til 1508. Det er ein liten nedgang på leiarkurs for same aldersgruppa på 3 prosent, frå 64 til 63, medan deltakartalet har gått opp med 2% frå 743 til 758. Det er ein gledeleg auke på 32 prosent på kontinuerlege tilbod for 18-30 år, frå 31 til 41, men der viser statistikken at deltakartalet er nesten halvert, minus 48% frå 1084 til 562. Samstundes meir enn doblar deltakartalet på einskildtilbod frå 309 til 635, 106% og talet på tiltak aukar med 131%. Det er ein liten nedgang på leiarkurs for same aldersgruppa på 7 prosent, frå 14 til 13, men talet på deltakarar går mykje ned, 61% frå 175 til 66. Vi ser og at gode konfirmantopplegg verkar rekrutterande til andre tiltak, men samstundes er dette eit arbeid som vert styrt av trendar og endringar i årskull som ligg utanfor kyrkjelyden sin kontroll.

Det er grunn til å tru at den positive trenden ein såg etter ungdomsåret i 2013 framleis gjer at det vert satsa på ungdom i kyrkjelydane. Oppslutninga om ungdomsgudstenester kan tena som ein indikasjon på ungdomsarbeidet og det har auka sidan Ungdomsåret. Siste år var auken 9% frå 360 i 2016 til 391 i 2017 og deltakartalet gjekk opp 6% frå 40677 til 43110.

Gudstenester for ungdom

	2013	2014	2015	2016	2017		2013	2014	2015	2016	2017
Gudst.	316	305	320	366	391	Frammøte	37000	34744	37915	40677	43110

Etter konfirmantald

Det er eit auke fokus på ungdomsarbeid, og ein erkjenner at dett er ei stor og viktig utfordring. På breiddetiltak etter konfirmanttida, er det nokre stadar dei får det til. Det gjeld i Øygarden som har med 31 prosent av konfirmantane vidare til «K2». På Fedje har ein over 36 prosent med på «Meir». I Åsane har ein «TGIF» som eit prostitiltak for trusopplæring og eit halvkontinuerleg arbeid. Vi arbeider med å lage betre tverrstrukturar for erfaringsdeling og har tru på det i vår strategiplan. Ein ser samstundes at mange av dei tiltaka som står i planane etter konfirmanttida, vert avlyste før de vert freista gjennomførte. Ofte med grunngjeving at dei ikkje har ressursar eller for få påmelde. Det kan synest som om det var så langt ein kom med trusopplæringa ut frå dei ressursane ein fekk. Der kor prestane går tungt inn og har særlig kompetanse, lukkast ein betre med ungdomsarbeid enn andre stader. Vi kan trekke fram Birkeland i Bergen som eit eksempel. Her har ein eit mangfald av aktivitetar. Vår eigen satsing Ung katedral i St. Jakob begynner og å få gode resultat. Med over 100 medlemmer i klubben «Bølgen», som er ein open kafeklubb, med middag og tidebønn i kyrkjerommet. Det er ei klar samanheng mellom kompetanse og ressursar på den eine sida og eit aktivt ungdomsarbeid på den andre sida- Vi har prioritert slike tiltak i OVF tildelingar i 2017 og det er eit prioriterte område i vår strategiplan for dei neste tre åra.

Kontinuerleg arbeid – Organisasjonane – Leiartrening

KFUK-KFUM sitt Ten sing arbeid i Bjørgvin er det beste i Norge, med rundt 100 medlemmer både i Bømlø og Voss Ten sing, og rundt 300 medlemmer i heile Bergen. Dei har store Vinterfestivaler med over 500 i Bjørgvin, og 200 i Sogn og Fjordane . Her skjer det og mykje god leiartrening det jamnlege arbeidet, i tillegg til LIV kursa, og andre nasjonale kurs og samlingar. Nokre kyrkjelydar nyttar også Acta sitt tilbud og reiser på Impuls i Stavanger. Det er også godt samarbeide mellom kyrkja og NMSU fleire stader, og Misjonssambandet. Men Indremisjonsforbundet har og eit aktivt ungdomsarbeid på mange bedehus, og er vel dei som har minst samarbeid. Dei fleste som startar på teologistudiet frå Bjørgvin har bakgrunn frå KFUK-KFUM sitt arbeid. Det er og fleire frå andre samanhengar, men dei er akkurat no ikkje direkte i teologistudia, men tek ofte fag som kan inngå i teneste i undervisningsstillingar eller prestestillingar på sikt.

Indikator 2: Tal på deltakarar på ungdomstinget

Ungdomstinget : 25

Det var i 2017 25 deltakarar på ungdomsting, Godt representert frå Fedje i vest til Sveio og Stord i sør, men ingen frå Sogn og Fjordane.

Ungdomsrådet : 6

Vi har hatt eit godt arbeidande Ungdomsråd i år. Dei har kome med eit forslag om å laga «Mi kyrkjebok» for 17 åringar. Dette vert følgt opp. Ungdomstinget med komité arbeid og skrivne papirar, gjev ei god innføring i kyrkja si måte å arbeide med demokrati på, men det er nok ein fare at der det ein lukkast, vert det meir eit tilbud til dei som er interesserte i slike arbeidsmåtar, enn eit demokratisk, representativt valt organ. Dette har nok også noko med eit litt utydelig mandat og funksjon.

D. Mål på område innanfor biskopens verksemd

3.6.1 Inkluderande kyrkjeliv

Bjørgvin bispedøme har hatt eigen rådgjevar for Inkluderande kyrkjeliv. Det har vore vakanse i stillinga i 2017. Tidlegare rådgjevar er i ei prestestilling og held i noko av arbeidet, mellom anna kurs og utvalsarbeidet. Det er og satsa med å sende fem deltagar på etterutdanningskurs i 2017. Tanken er at ein rådgjevar ved administrasjonen har ei koordinerande rolle, men at totalt 7 prestar har særleg kompetanse på feltet, og kan nyttast ved høve. I nokon grad og frikjøpast på særlege prosjekt. Det er og slik at fellesrådet i Bergen har satt av ressursar til dette i si tildeling av trusopplæringsmidlane, og det er difor naturleg at dei overtek nokre organisatoriske oppgåver knytt til mellom anna felles konfirmantgruppe i Åsane.

3.6.2. Dialog

«Kirkelig dialogsentor Bergen» (KDB) er eit ressurs- og kompetansesentor for kyrkjelyder, organisasjonar, skuler og andre som er interessert i ei folkeleg forankra trus- og livssynsdialog i Bjørgvin bispedøme. Senteret sine oppgåver er å etablere konstruktive møteplassar for trus- og livssynsdialog, å vere eit ressurs- og kompetansesentor innan trus- og livssynsfeltet. Bjørgvin bispedømeråd vurderer arbeidet som viktig, og vil fortsette sitt samarbeid og yte same økonomiske støtte til dette arbeidet for neste treårs periode.

3.6.3 Fengselspresttenesta

Innsette i alle dei tre fengsla i bispedømet har tilbod om teneste frå prest. I Bergen Fengsel er det to 100% stillingar og Vik fengsel har ein 50% stilling. Fram til sommar 2016 hadde Bjørgvin fengsel ein 80% stilling. Av økonomiske grunnar vart stillinga då inndratt og presten overført til anna stilling i prostiet. Frå august 2016 har prestane i Bergen Fengsel dekkja om lag 30% stilling i Bjørgvin. Innsette i alle fengsla får tilbod om gudsteneste annankvar veke. Kwart år blir det og gjennomført ei veker pilegrimstur/opplegg på garden Fokstugu på Dovrefjell.

Det er og eit nært samarbeid med ei diakonigruppe i Åsane menighet som arrangerer samlingar for innsette fast kvar månad. Samarbeidet med frivillige organisasjonar som Frelsesarmeen og andre kyrkjesamfunn er godt. Den katolske kyrkja i Bergen har månadsvis messer i Bergen Fengsel. Prestekontoret er og samarbeidspartnar og tilretteleggjar for visitortenesta som er eit tilbod frå Røde Kors om besøk på cella. Det blir og ytt hjelp til innsette med annan religiøs tilknytning, t.d. skaffar prestane Koranen frå lokal moské til utdeling.

Dei innsette nyttar presten svært mykje til samtalar, og prestetenesta er sett stor pris på av både innsette og tilsette.

3.6.4 Kultur

Resultatmål 1. Auka kyrkjeleg kulturkompetanse.

Indikator 2: Talet på tiltak el. deltakarar på kompetansehevande tiltak i bispedømet

I alt 499 deltakarar møtte til ulike samtalar og debattar i skjeringspunktet mellom kyrkje, kultur og samfunn («Luther Øre»). I tillegg samla dei 22 frukostmøta «Tesar i tiden» vanlegvis 6-10 personar kvar gong.

Om lag 30 fagfolk og lekfolk deltok på kurset «Saman om kyrkjemusikken» under Bergen Kirkeautunnale.

Reformasjonsbyen Bergen 2017

Bergen hadde i 2017 status som Norges reformasjonsby og var Norges representant i eit nettverk av 68 europeiske byar (www.r2017.org).

Den norske kyrkja ved Kyrkjerådet, Bjørgvin bispedøme, Bergen domkirke menighet, Bergen kirkelige fellestråd og Bergen kommune inviterte til folkefest og faglig fordjuping under Lutherfestdagene 3.-7. mars og heile reformasjonsåret 2017.

Målsettinga var:

- å synleggjøre og aktualisere verdiene til Den norske kirke for alle
- løfte vår felles-europeiske og bergenske samfunns- og kirkehistorie på en ny og interessant måte, til et nytt publikum
- legge til rette for og oppmuntre til et mangfold av aktiviteter i og utenfor kirken.

Samarbeidspartnerne løste både faglige og praktiske utfordringer på imponerende vis, med et felles ønske om å levendegjøre reformasjonens verdier for alle. Byrom og kirketårn ble tatt i bruk for historiefortelling og aktuell refleksjon. Universitetet i Bergen var en sentral bidragsyter markeringen, som samlet 5500 mennesker til i alt 40 arrangement.

Sjå elles eigen rapport på reformasjonsbyen.no

3.6.5 Retreatarbeid

Bjørgvin bispedøme har i 2016 halde fram samarbeidet med Bergen diakonissehjem om Retreat Bergen. Omlag ein kveld i månaden er det kveldsretreat, ope for alle, med 10 – 20 deltakarar. I fastetida 2017 vart det arrangert fasteretreat, og i adventstida adventsretreat.

Fleire prestar har i 2017 søkt og fått tilskot til å reise på retreat på ulike retreatstadar både i inn- og utland. 29. juni -2.juli 2017 var Bjørgvin bispedøme medarrangør av Keltisk retreat på Holmely i Nordfjord med innlagt pilegrimsvandring til Selja og deltaking på Seljumannamessa.

Bispedømet har og i 2017 gitt tilbod om åndeleg rettleiing. Fleire medarbeidarar i bispedømet er utdanna åndelege rettleiarar, og det vert lagt til rette for at dei som ynskjer åndeleg rettleiing kan få tilbod om det hjå ein av dei. Det er fleire som har nytta seg av tilbodet.

Dei åndelege rettleiarane vert og fylgd opp ved at dei har tilbod om sjølve å gå åndeleg rettleiing og å få rettleiing på arbeidet dei gjer.

3.6.6 Arbeidsrettleiing (ABV)

I 2017 har det totalt vore 14 ABV-grupper i aktivitet i Bjørgvin bispedøme med til saman 76 deltakarar. 69 av deltakarane har vore prestar, 3 har vore diakonar, 3 har vore kyrkjelydspedagogar, og ein har vore kyrkjeverje.

Av dei 14 gruppene har det vore:

- sju tverrfaglege grupper.
- to seniorgrupper

- to prostegrupper, kor alle prostane har hatt regelmessig rettleiing
- to grupper for ABV-rettleiarane
- ei rettleiingsgruppe for fengselsprestane

I tillegg til grupperettleiing har fleire prestar hatt individuell rettleiing over kortare eller lengre tid.

Vi har i 2017 halde fram ordninga med mentor. Den er i hovudsak for dei som er nye i tenesta. Då har ein ei tid jamlege samtalar med ein røynd kollega om spørsmål og utfordringar ein møter i tenesta. Ordningar med mentor kjem i tillegg til arbeidsrettleiing, og er tenkt som eit tilbod til nyutdanna prestar før dei blir med i ei ABV-gruppe.

Alle ABV-gruppene i Bjørgvin er opne og kontinuerlege. Det betyr at gruppene består, medan deltakarane i gruppene over tid vil skifte. Ein bind seg for minst eitt år om gangen, og vel sjølv kor mange år ein vil vere med.

Vurdering

Samla vil vi vurdere at tiltaka innan ABV, kompetanse/EVU, retreat, prestebustader og andre arbeidsmiljøtiltak fungerer godt. Vi har låg trurnover i presteskapet, lågt sjukefråvær og eit motivert presteskap.

3.6.7 Kyrkje- og gravplassforvaltning

I 2017 har biskopen hatt følgjande saker knytt til forvaltning av kyrkjer	2016	2017
Ombygging av kyrkjer – av desse var 2 knytt til universell utforming.	14	14
Bygging nærare kyrkja enn 60 m	7	3
Godkjenning av orgel/flygel	3	2
Kyrkjetekstil	23	16
Rehabilitering og endringar i interiøret (inkludert universell utforming)	21	6
Kunstnarleg utsmykking	4	3
Inventar (inkludert liturgisk utstyr)	7	7
Benker/stolar	7	1
Tekniske installasjonar (lerret, lyd, ljøs)	10	10
Brann- og sikringstiltak	4	4
Andre saker	7	3
Medlemsskap (29 saker, 98 personar)	2	3

I 2017 har Bispedømerådet hatt følgjande saker knytt til forvaltning av kyrkjelov og gravferdslov.	2016	2017
Løyve til sokn om å få ta opp lån	7	0
Omregulering/endring av kyrkjegardar	6	17
Gravplassvedtekter	2	4
Fråsegn til kommunale planar og reguleringsplanar	11	10
Fråsegn fylkeskommunal plan	1	1
Klagesaker, alle fekk avslag	5	7
Minnesmerke på gravplassen (inkl. namna minnelund)		3
Utleigesatsar for kyrkja		1
Sal av kyrkjeleg eigedom		1
Justering av soknegrenser		1

IV: Styring og kontroll i verksemda

4.1.1. Overordna vurdering av verksemda si styring og kontroll

Bjørgvin bispedømeråd nyttar mål- og resultatstyring som sitt grunnleggande styringsprinsipp. Tildelingsbrevet og årsplan dannar grunnlaget for prioriteringar i arbeidet.

Tildelingsbrevet peiker særleg på: « En landsdekkende folkekirke og et tydelig skille mellom stat og kirke» som prioriterte område. I Bjørgvin har vi følgt opp vårt arbeid ut frå dette.

Bispedømerådet viser til at samla måloppnåing er god, jfr del III. Prestetenesta og kyrkjeleg administrasjon nyttar tildelinga godt. Det vert samstundes arbeidd med risikoanalyser for ulike sider ved verksemda. Den overordna, årlege risikovurderinga, syner at risikobildet ikkje er kritisk, men at inneheld nokre særlege utfordringar:

- Oppslutning rundt dåp er fallande over tid, og krev merksemd.
- Rekruttering til prestestillingar, og andre kyrkjelege stillingar er låg. Når mange prestar går av med pensjon dei nærmaste åra, så vil dette bli kritisk om ein ikkje får endra trenden.
- For få tilbod til ungdom vil svekke kyrkje på sikt. Særleg satsing Ungdom 18-30 i Bergen.

Leiinga sin årlege gjennomgang av status på styring og kontroll viser at system, rutinar og prosessar gjennomgåande fungerer godt. Følgande punkt er vurdert spesielt:

- Verksemda si evne til å oppnå fastsette mål i tråd med Den norske kyrkje sitt oppdrag.
- Verksemda si evne til å oppfylle overordna krav om effektiv ressursbruk.
- Om sentrale risikofaktorar er innanfor akseptabelt nivå.

Gjennomgang viser at tiltak som er gjennomførte verkar fungere, og vil bli følgt ytterlegare opp for perioden 2018 til 2020.

Internkontroll: Bjørgvin bispedømeråd har vurdert eigen internkontroll som tilstrekkeleg og god. Det har samstundes vorte endringar i nokre rutinar grunna nye system i det nye rettssubjektet, som må følgast opp i neste fase. Vår vurdering er at transparens og tillit er hovudelementa i vår internkontroll. Vi vurderer det slik vi har ein kultur med låg terskel for å ta opp avvik. Dette er vesentleg.

Vi vurderer eigen beredskap som god med omsyn til handtering av moglege sikkerheitshendingar innanfor våre ansvars- og myndigheitsområde. Planverk ligg føre, og vi vurderer at rutine fungerer etter intensjonen.

Nærmare omtale av vesentlege forhold til styring og kontroll:

Dåp

Oppslutninga om dåp er fortsatt fallande, og til dels kritisk. Det er lokale variasjonar, men det generelle bildet er nedgang. Bjørgvin bispedøme har ikkje hatt særskilde større tiltak på dette området. Det vil bli sett på erfaringar frå andre bispedømer, særleg kva effekt større satsingar faktisk har. Det har vore vekt på å sikre kvalitet i møte med dei som melder dåp, og at dei som døyper fortel om positive opplevingar i møte med kyrkja. Det har vore arbeidd med å auke kvaliteten på invitasjonar og brosjyrar i samarbeid med Bergen kyrkjelege felle råd. I Sunnhordland prosti har ein arbeidd systematisk med å sjå på heile «næringskjeda» rundt dåp, og arbeidd samla med alle tilsette, og frivillige, over tid. Dette har gitt resultat i betre tal for prostiet, og i kyrkjelydane. Dette arbeidet vil vi

tenke kan danne modell for andre prosti. Då både systematikk, og at ein held på eit tema over tid, i alle kanalar.

Rekruttering

Det er arbeid på fleire område når det gjeld rekruttering. Særleg på det som går på grunnrekruttering gjennom ungdomsarbeid og leiartrening. Likeeins studentrekruttering, som går på å ha betre oppfølging av studentar frå Bjørgvin som er starta på kyrkjeleg utdanning. Det er sett av ressurs til dette både i administrasjonen, og i ulike prosjekter med tverrstrukturell karakter ut mot kyrkjelydane. Dette er vidareført og forsterka for perioden 2018-2020.

Ungdom er fortsatt satsing for perioden 2018-2020.

Bjørgvin bispedømeråd vil i strategi og årsplan for 2018-2020 særleg legge vekt på tiltak inn mot gudsteneste, ungdom og diakoni. Og i tillegg arbeide langsiktig med rekruttering og finansiering.

Systematikk i HR arbeidet og kurs- og kompetansetiltak ligg i botn for denne strategien. Tal som går nedover krev både nye gode tiltak, men det krev og at ein har tru på basisen i det ein driv med. Omdømme på desse områda er vesentleg for rekrutteringsarbeidet.

Finansiering

Bjørgvin bispedømeråd vil måtte arbeide med både inntektssida og utgiftsida av budsjettet sitt for å balansere drifta over tid. I dette ligg det og inne at kyrkja i stort må auke inntektene og sjå på alternative økonomiske kjeder for å løyse nokre av ambisjonane ein har. Dette kan vere å auke gjevartenesta i kyrkjelydane. Auke kompetansen på å forvalte dei midlane ein rår over. Eller effektiviseringstiltak som tar ned kostander.

Hovudmål: Løyvingane til prestetenesta har som mål at alle kyrkjelydar i Den norske kyrkja skal ha fast geistleg betening, slik at tenesta er nærverande i alle lokalsamfunn. Alle sokn skal vera betent av ein eller fleire prestar.

A. HMS/Arbeidsmiljø

4.1.2 Arbeidsvilkår

Resultatmål: Sikra gode arbeidsvilkår for prestane.

Samla vil vi vurdere at tiltaka som er nemnde ulike stader i denne rapporten innan ABV, kompetanse/EVU, retreat, prestebustader og andre arbeidsmiljøtiltak fungerer godt. Vi har låg turnover i presteskapet, lågt sjukefråvær og eit motivert presteskap.

Indikator: Sjukefråvær

Bjørgvin har sjukefråvær på 6,2 i presteskapet og 1,17 i administrasjonen. I presteskapet er det noko høgt sjukefråvær (over 8 veker) blant menn. Dette er av årsaker som er kjent, men ikkje direkte jobbrelatert. Vi vurderer difor sjukefråværet til ikkje å vera kritisk.

Trivselskår i arbeidsmiljøundersøkinga

Prestane i Bjørgvin	2012	2015	2016	2017
1/ Informasjon og kommunikasjon med biskop	4,21	4,7	4,8	4,8
2/ Informasjon og kommunikasjon med bispedømmekontoret	4,17	4,7	4,9	4,8
3/ Samarbeidet med og ledelse av prost	5,06	4,96	5,2	5,2
4/ Samarbeid med prestekollegaer	5,14	5,1	5	5,2
5/ Samarbeid med øvrige ansatte i staben	4,89	4,9	4,9	5,1
6/ Samarbeid med menighetsråd	5,08	4,85	5,1	5,2
7/ Samarbeid med fellesråd/kirkeverge	4,42	4,43	4,6	4,5
8/ Opplæring og oppfølging i tjenesten	3,91	4,55	4,8	4,7
9/ Arbeidsplaner og arbeidsbeskrivelser	4,17	4,82	4,8	4,9
13/ Opplever du at du har forutsigbar fritid?	4,15	4,16	4,4	4,5
14/ I hvilken grad får du tatt ut fritid og oppsamlede fridager?	3,99	3,9	4,2	4,3
Sum/gjennomsnitt		4,6	4,8	4,8

Det er interessant å sjå at oppfølging frå prost går opp i samband med arbeidstidsavtalen er innført, med signifikant forbetring i 2016 og 2017. Likeeins at opplevinga av kontroll på fritid også går signifikant fram. Arbeidsplanane er og forbetra, men det fekk innslag allereie i 2015, det vil seie før arbeidstidsavtalen. Planane er altså blitt betre uavhengig av avtalen, mens det er blitt betre styring på å ta ut fri etter avtalen kom på plass. Opplevinga av godt samarbeid med bispedømmekontoret er også signifikant betra frå 2012 til 2017, med endring frå 2015. Samarbeidet med prost er stabilt bra, men oppfølginga har betra seg. Prosten er tettare på med bakgrunn i arbeidstidsavtalen. Samarbeid med andre er også stabilt bra. Samarbeid med fellesråda/kirkjeverje er relativt stabilt, men med svært store variasjonar og nokre stader kritisk lågt. Ikt er også eit område det er forbetring på, etter langsiktig tiltak med oppfølging (ikkje med i tabell over). Opplevinga av arbeidsmengde og at vikar blir stilt til råde er også betre.

For administrasjonen ved bispedømekontoret har åra 2016 og 2017 vore krevjande med mange prosessar samstundes. Det kan difor vere grunn for å sjå på nokre element i arbeidsmiljøundersøkinga der spesielt:

Dei tilsette ved Bjørgvin bispedømekontor	2012	2013	2017
Egen arbeidssituasjon:			
Arbeidsmengda er over tid tilfredsstillande	4,31	4,5	4,4
Eg trivst med egne arbeidsoppgåver	4,88	4,88	5,07
Eg er nøgd med heilskapen i arbeidsoppgåvene	4,61	4,81	5
Eg opplever at eg er med å arbeide for felles mål	4,5	4,75	5,07
Relasjon-samarbeid:			
Eg trives i staben	4,75	5,38	5,73
Eg får ofte støtte og råd frå andre i staben i arbeidet mitt	4,31	4,56	5,2
Andre i staben ber ofte om råd eller støtte frå meg	3,88	4,56	5,2
Organisasjonsstruktur:			
Oppgåvene er godt fordelt	3,93	4,50	5,13
Sakshandsaminga fungerer godt	4,33	4,56	5,13
Det er god utveksling av informasjon	3,94	4,25	5,07
Me løyser problem på ein god måte	4,33	4,69	5,29
Møteverksemd fungerer bra	3,75	4,44	4,87
Leiarskap:			
Eg har eit godt tilhøve til leiinga	5,06	5,5	5,8
Leiinga er i stor grad tilgjengeleg	4,13	4,75	4,8
Leiinga følgjer opp saker eg har meldt	4	4,56	5,27
Forholdet mitt til leiinga er i positiv prosess	4,67	5,06	5,67
Utsegn:			
Eg er stolt over å jobbe på bispedømekontoret	5,06	5,19	5,27
Eg vil anbefale andre å jobbe på bispedømekontoret	4,81	4,81	5,53
Om eit år jobbar eg framleis på bdr ktr	4,33	3,63	5,47
Alt i alt er eg nøgd med å jobbe på bdr ktr	4,69	5,06	5,47
Alt i alt er eg nøgd med å jobba i kyrkja	4,69	4,81	5,2

Utvikling i arbeidsmengde, tilgjengelegheit på leiarar er dei to områda som har minst utvikling. Det bær preg av at det har vore, og er travelt, med mange oppgåver. Samstundes så går alle trivselsfaktorar fram. Til dømes var det i 2013 berre 3,63 på «om eg framleis arbeider på bispedømekontoret», mot 5,47 i 2017. Trivsel har gått fram frå 4,75, men med auke allereie i 2013. Vi har stolte medarbeidarar som opplever å dra lasset saman rundt ulike små og store prosjekt.

4.1.3 Prestebustadar

Frå 1. september 2015 vart buplikta for prestar avvikla. Dei prestane som bur i tenestebustad med buplikt har no ikkje plikt til å bu i bustaden, men rett til å bu der så lenge ein er i noverande stilling. Det vil difor vere stor merksemd kring bustadar også i åra som kjem. Administrasjonen opplever å ha god kontakt med Opplysningsvesenets fond (OVF) og med kommunane om bustadane. Gjennom systematisk arbeid sidan 2010 har vi no betre kunnskap for å prioritere vedlikehald for dei ulike prestebustadane.

Opplysningsvesenets Fond (OVF) eig 55 bustadar i Bjørgvin, men det bur prest i berre 28 av dei. Dei andre er leigd ut til private. Nokon av bustadane ynskjer ein å behalde av kulturhistoriske grunnar, medan andre treng ein av rekrutteringsbehov.

Nokre stader har prestane allereie fått kjøpe bustaden dei bur i, medan andre er i dialog med huseigar, det vere seg kommunane eller OVF om kjøp. Det vert spanande å sjå kva endringa i bustadordninga vil gjere med prestenesta og rekruttering til presteneste i tida som kjem.

4.1.4 Lokale tilhøve og utfordringar

Med unnatak av fire prosti, er det prestar med eit spesialisert ansvarsområde i dei resterande sju prostia, til saman 12 årsverk. Av desse er det 2 studentprestar, 7,5 med spesialfelt born og ungdom, samt 2,5 stillingar som fengselsprestar.

Bispedømet har eit samarbeid med Kirkelig dialogsenter i Bergen (Areopagos) om ei stilling som dialogprest. I tillegg har vi eit samarbeid med Bergen Internasjonale Menighet (BIM) om internasjonal prest i Løvstakksiden sokn.

4.1.5 Kompetanseutvikling

Resultatmål: Prestane skal stimulerast til å utvikle kunnskapar, dugleikar, haldningar og motivasjon til tenesta.

Bjørgvin bispedøme gjennomførte i 2015-16 «Reformatorisk teologi i en kirkelig reformalder» på VID for alle prestane. Alle hadde 10 heile dagar med undervisning og 44 prestar leverte 10 og 20 studiepoengsoppgåver og tok til saman 570 studiepoeng, og dei aller fleste leverte refleksjonsnotat og mange hadde foredrag i kyrkjelydane i reformasjonsåret. For 2017 var det planlagt kurset «Kunsten å snekre ein preken» for fem prosti, dette vart utsett til våren 2018. To personar gjennomførte PKU hausten 2017 ein frå Sunnfjord prosti og ein frå Hardanger og Voss prosti. Fem prestar deltok på etterutdanninga «Funksjonshemming og kirken». Fem personar tilsett i kyrkja fekk støtte til «Hel – konferansen».

4.1.6 Medverknad (Medbestemmelse etter arbeidsmiljøloven)

Delar av prestar som har hatt medarbeidersamtale

Prostane har medarbeidersamtalar med alle prestane kvart år. Biskopen har medarbeidersamtale med alle prostane. Same dagen har prostane eigne møte med administrasjonen (personal og kyrkjefag).

Kontaktmøte i prostia

Alle prostane har minst eitt kontaktmøte med lokallaga kvart år, dei fleste har tre – fire møte. Det har vore fire kontaktmøte regionalt.

Regionalt arbeidsmiljøutval (RAMU)

Det har i 2017 vore to møter i RAMU.

I oktober vart det arrangert ei felles fagdag for verneombod saman med Bergen kirkelige fellesråd. Lokale verneombod frå fellesråda elles i bispedømet var og invitert til å delta. Tema for samlinga var helsefremjande arbeidsmiljø.

Bispedømet har eit tett og godt samarbeid med arbeidslivssenteret hjå NAV.

4.1.7 Leiing og samvirke

Styringsparameter: Funksjonell organisering, kostnadseffektiv forvaltning og brukarorienterte tenester.

Bjørgvin bispedømeråd har i tillegg til den årleg leiarkonferanse med Kyrkjevevjelaget, lagt vekt på å besøke alle prosti både i 2016 og 2017. Då med stiftsdirektør og personalsjef. I tillegg hadde bispedømet si leiing jamlege møtepunkt med Kyrkjevevjelaget. Med leiargruppa i Bergen kyrkjelege fellesråd er det i tillegg eigne halvårlege møtepunkt. Dette for å sikre best mogleg samordning. Det å samspele tett med 57 fellesråd, er tidkrevjande. Prostiturneane vurderer vi som svært vellukka, det har bygd tillit, det har vore nyttig lyttepost og det har hatt effekt på å redusere saker som tidlegare kunne vere tidkrevjande. Det blei i 2017 gjennomført stiftsdagar for alle yrkesgrupper samla for første gang. Det var 520 deltagarar, og svært gode evalueringar i etterkant.

Det har internt på bispedømekontoret vore arbeida med eit verdidokument og resultatet vart at:

Bjørgvin bispedømekontor ønskjer å særleg fokusere på tre verdier. Vi ønskjer som administrasjon å vere:

- *I dialog*
- *Støttande*
- *Modig*

Både internt og i møte med andre vil vi søkje å ha god dialog. Det betyr både å vere open og lyttande, gje god informasjon og vere tydeleg frå eige ståstad. Vi vil leite etter dei gode løysingane saman med kyrkjelydane. Vår rolle er å ivareta heilskapen og handle innan dei ordningane som gjeld.

Bispedømet skal vere med å byggje kyrkjelydane. Ved å vere ein god arbeidsgjevar, ved å inspirere, løfte fram og støtte gode idear og tiltak, arrangere eller støtte ulike kompetansetiltak, fremje informasjonsdeling og ved å ta tak i utfordringar som dei einskilde kyrkjelydane ikkje kan klare åleine.

I ei tid med mange endringar vil Bjørgvin bispedømekontor søkje å vere trygg og modig. Ved å løfte fram eigen kompetanse, løfte fram andre sin kompetanse, og vere open for samspel om oppgåver eller prosjekt som ingen direkte har ansvar for.

Det er slik at bispedømet oftast er den som kan ta risiko og har kapasitet til utviklingsarbeid på ulike område. Det må i overordna risikovurderingar for kyrkjeleg organisering vurderast kva konsekvensar det får om bispedømet av ulike årsaker ikkje maktar å fylle denne rolla? I dette ligg det eit gjensidig ansvar for alle nivå, å gjere kvarandre best mogleg. Bjørgvin bispedømeråd har difor i sin strategi og årsplan for 2018-2020 særleg løfta verdien av å framsnakke kompetanse på alle nivå. Dette er ein

kvalitet som vi vurderer som avgjerande både for oppslutning generelt, og ikkje minst for rekruttering til alle typar tenester i kyrkja i åra som kjem.

Det vart i 2017 gjennomført ei brukarundersøking både ut mot fellesråda og prestane.

På fleire viktige område ser vi forbetra brukartilfredsheit med det arbeidet bispedømet utførar.

Samstundes ser vi at vi får lågare skår på dei områda vi har redusert ressursane: det grønne og inkluderande kyrkjeliv, og på misjons/diakoni der rådgjevar er i permisjon.

I kort vurderer vi at mykje av dette handlar om dei enkle prinsippa bak C og bli Z. Til dømes er det ein klar tendens i prestane sin Arbeidsplassundersøking at prostane får betre skår på oppfølging. Dette fordi arbeidstidsavtalen medfører at prosten er tettare på og ser (C), og ein opplever seg sett (Z).

På sakshandsamingstid er skåren låg, om enn betre enn i 2014. Det er sett inn særskilde tiltak på dette.

Samstundes sjekka vi 16 saker der det vart meldt at ein «ikkje hadde fått svar», og det stemde for fire saker. Her er det viktig å stadig forbetre rutineane, men det er og viktig å ta ut vandrehistoriene for å få rett bilde. At vi er avhengige av andre instansar på nokre godkjenningsordningar er med på å forsinke saksgangen.

Brucarundersøking lokalt kyrkjelege tilsette	2014	2017
Saksbehandlingstida ved bispedømekontoret er passe lang	2,83	3,35
Bispedømekontoret har ei profesjonell rådgjeving/hjelp i saker knytt til gudsteneste og liturgiske spørsmål	4,83	4,88
Bispedømekontoret har ei profesjonell rådgjeving/hjelp i saker knytt til byggsaker og Interiørsaker	3,94	4,59
Bispedømekontoret har ei profesjonell rådgjeving/hjelp i saker knytt til gravferdslov	4,96	4,95
Bispedømekontoret har ei profesjonell rådgjeving/hjelp i saker knytt til søknadar om økonomisk støtte	4,89	4,71
Bispedømekontoret har ei profesjonell rådgjeving/hjelp i saker knytt til trusopplæring/ undervisning	4,84	5,06
Bispedømekontoret har ei profesjonell rådgjeving/hjelp i saker knytt til kyrkje/skulesamarbeid	4,72	4,86
Bispedømekontoret har ei profesjonell rådgjeving/hjelp i saker knytt til ungdom og kyrkja	4,81	5,00
Bispedømekontoret har ei profesjonell rådgjeving/hjelp i saker knytt til diakoni	5,23	4,55
Bispedømekontoret har ei profesjonell rådgjeving/hjelp i saker knytt til misjon	4,85	4,57
Bispedømekontoret har ei profesjonell rådgjeving/hjelp i saker knytt til arbeid med menneske med utviklingshemming	5,08	4,63
Bispedømekontoret har ei profesjonell rådgjeving/hjelp i saker knytt til forbruk/rettferd/grønne kyrkjelydar	5,13	4,79

Høgast mogelege skår er 6, på ein skala frå 1 til 6.

B. Likestilling

Bjørgvin har som mål å «Motivere og leggje til rette for at fleire kvinner søker teneste som prestar i kyrkjelydane og leiarstillingar i kyrkja».

Likestillingsrapportering – Presteskapet. Tal pr. 31.12.2017

	Kjønnsbalanse			Løn	Deltid		Midlertidig		Foreldre- permisjon		Legemeldt fråvær	
	M%	K%	Stillingar	Kvinner %	M%	K%	M%	K%	M%	K%	M%	K%
Totalt	76,5	23,5	158,25	95	91,1	8,9	50	50	45,4	54,6	81,2	18,8
Prostar	82	18	11	93	-	-	-	-	-	-	91,1	8,9
Sokneprest	78	22	100,9	97	77,8	22,2	100	100	100	-	86	14
Kapellan	66,7	33,3	18	99	-	-			25,4	74,6	100	-
Andre	74,4	25,6	27,35	96	100	-			-	-	33	67

Når det gjeld rapportering på løn, viser skjemaet kvinners gjennomsnittsløn i prosent av menns. Totalen på kvinner ligg 5% under gjennomsnittet. Dette kan forklarast med at 9 av dei 11 prostane i bispedøme i 2017 har vore menn. Elles er vi nøgd med at prestar i alle kategoriar no ligg likt. Den ulikskapen som ligg att skuldast i all hovudsak ulik aldersfordeling.

Kvinner i faste prestestillingar 2017

Faste prestestillingar *	Årsverk	Kvinner	Prosentdel kvinner	Endring frå 2016
	147,25	35,2	24%	2%

* prostar ikkje medrekna

Statistikken viser at i faste prestestillingar i Bjørgvin bispedøme er kvinneandelen 24%. Dette er lågt samanlikna med andre bispedøme, landsgjennomsnittet er om lag 33%. I prosti med låg kvinneandel vert kvinner oppmoda om å søkje. Det er gledeleg å sjå at kvinneandelen framleis aukar, og at den aukar meir i 2017 enn åra før.

Kvinneandel – søknadar og tilsettingar 2017

Tal søknader	Frå kvinner	Prosent kvinner av dette	Tilsettingar	Kvinner av desse	Prosent kvinner av dette
56	25	44,64%	12	6	50%

I tilsettingane i 2017 var halvparten av dei tilsette kvinner. To av dei tilsette kvinnene kom frå andre stillingar i Bjørgvin bispedøme, og auka difor ikkje talet på kvinner i bispedømet. Administrasjonen vil, saman med fagforeiningane, arbeide vidare med å sikre ein raskare auke i talet på kvinner i prestestillingar.

Prostar

I 2017 tilsette vi ny prost i Bergensdalen prosti. Det er særst gledeleg at dette vart ei kvinne. Dermed ligg andelen av kvinner i leiarstillingar i presteskapet på 18 prosent for 2017, ei auke frå 10 prosent i 2016. Innan dei neste fire åra har 5 av 11 prostar oppnådd aldersgrense for pensjon. Bispedøme ynskjer fleire kvinner til leiande stillingar.

Likestillingsrapportering - Bispedømekontoret

2017	Kjønnsbalanse			Løn*	Deltid		Midlertidig		Foreldrepermisjon		Legemeldt frávær	
	M%	K%	Totalt	K %	M%	K%	M%	K%	M%	K%	M%	K%
Totalt	50	50	14	88	-	-	-	-	0,4	4,7	1,8	1,7
Leiarar	50	50	4	90	-	-	-	-				
Rådgjevarar	56	44	10	93	-	-	-	-				
Kontorstillingar	-	100	1	100	-	-	-	-				

Det er god balanse i staben ved bispedømekontoret når det gjeld likestilling og alder. Vi vurderer at vi har ein ikkjediskriminerande politikk på tilsettingar i administrative stillingar.

C Vurdering av mislighetsrisiko

Björgvin bispedømeråd har vurdert eigen internkontroll som tilstrekkeleg og god. Det har samstundes vorte endringar i nokre rutinar grunna nye system i det nye rettssubjektet, som må følgast opp i neste fase. Vår vurdering er at transparens og tillit er hovudelementa i vår internkontroll. Vi vurderer det slik vi har ein kultur med låg terskel for å ta opp avvik. Dette er vesentleg.

V: Vurdering av framtidsutsikter

Endringar og mål fram mot 2020

Björgvin bispedømeråd har hausten 2017 lagt ned eit stort arbeid med å sjå på lengre linjer enn dei årlege årsplanane. Dette har resultert i ein strategi og årsplan for perioden 2018-2020. Endringar tek tid, og forankring med mange involverte har vore vesentleg. Det er viktig å forankre strategiar og teikne dei litt lengre linene for å kome i betre inngrep med samspel mellom mange aktørar og for å skape gode endringsprosessar

Det er særleg økonomien og rekrutteringssituasjonen som blir meldt som dei områda som uroar både tilsette kyrkjepolitikarar. Dette gjeld både på bispedømenivå og fellesrådsnivå.

Når dei økonomiske rammene ikkje er tilstrekkeleg romslege, vil det til sist gå ut over tenestetilbodet. Særleg kritisk er det at årsverk presteteneste blir redusert. Dette rammar i første runde ikkje gudstenester eller kyrkjelege handlingar, men det medfører at presten har mindre høve til å vere til stades i anna samfunns- og kyrkjelydsbyggjande arbeid. Det vil vere viktig å finne gode grep og tenkje nytt rundt det å betre økonomien. Dette handlar på ei side om å synleggjere kyrkja sin plass i samfunnet og å synleggjere heile det breie tenestetilbodet. Vi må også våge tenkje nytt i forhold til både interne og eksterne kjelder for økonomiske ressursar.

Vi vil òg arbeide tett med fellesråda gjennom tilskotsforvaltninga. Vi ønskjer både å sjå på kompetanse og på høvet til å kombinere fleire typar stillingar i eit betre heile. Det er også aktuelt å vurdere justeringar i tråd med befolkningsutviklinga.

Likeeins må ein arbeide systematisk og breitt med rekruttering over tid. Det kjem ikkje av seg sjølv, og risikovurderinga tilseier at vi må setje av både økonomi og ressursar til begge desse to områda i åra som kjem.

Bispedømet skal halde fram med å vere ein god og kompetent arbeidsgjevar for prestane og andre tilsette. Dette handlar om kontinuerleg arbeid med tilsetjingar, HMT og kompetanseutvikling.

Björgvin bispedømeråd vil løfte fram følgjande strategiske område for perioden 2018-2020:

1. Systematikk og kvalitet i det daglege arbeidet
2. Gudsteneste, ungdom og diakoni
3. Rekruttering og finansiering – langsiktig arbeid

Bispedømet sitt tyngste avtrykk ut i kyrkjelydane er i det kontinuerlege arbeidet som ein driv i kraft av å vere arbeidsgjevar for prestane. Dette er faktorarar som ein legg ekstra merke til når det ikkje fungerer; Tilsetjingar, HMT-arbeidet og kompetanseplanar. I perioden 2018-2020 vil vi vidareutvikle dette, og gå inn i tettare samspel med dei fellesråda som ønskjer det. Vi trur at fokus på systematikk og kvalitet over tid i dette arbeidet også vil løfte kvaliteten i arbeidet i kyrkjelydane innan alle fagområda. Døme på dette vil vere utvikling av felles kursmodular for nye tilsette i begge linjer, noko vi trur vil gje betre samspel. Stiftsdagar for alle tilsette annakvart år og ulike fagdagar annakvart år trur vi gjer dei tilsette på alle nivå stolte over eigen organisasjon, aukar felles kompetanse og verkar rekrutterande.

Björgvin bispedøme vil for perioden 2018-2020, som i den føregåande perioden fortsatt halde oppe gudsteneste og ungdom som fokusområde, men vi vil også løfte opp diakoni som satsing. Det var desse områda som peika seg ut i den breie prosessen vi hadde for å forankre strategien og

satsingsområda. For perioden fram til no har vi hatt «Gudsteneste – navet i kyrkjelyden» på strategiplakaten. For perioden 2018-2020 vil vi fokusere på:

- Gudsteneste – fellesskap og forkynning
- Ungdom – vekst i trua
- Diakoni – rekrutterande fellesskap

Desse områda er det først og fremst kyrkjelydane sjølve som kan gjera noko med, men bispedømet si satsing medfører bl.a. at kurs og samlingar og andre tiltak bispedømet tek initiativ til, vil bli prega av tema som er relevante for kyrkjelydane og dei tilsette sitt arbeid med gudstenestene, ungdom og diakoni.

VI: Årsrekneskapen

6. 1 Leiingskommentarar

Føremål

Den norske kyrkja vart skild frå staten 01.01.17. Frå 2017 gjev staten ei rammetildeling til Den norske kyrkja. Bjørgvin bispedømmeråd rapporterer for si tildeling til Kyrkjerådet etter gjeldande ordning.

Tildelinga til Den norske kyrkja er heimla i Grunnlova §16. Hovudoppgåva til bispedømmerådet er regulert i Kyrkjelova §23: "Bispedømmerådet skal ha sin oppmerksomhet henvendt på alt som kan gjøres for å vekke og nære det kristelige liv i menighetene, og det skal fremmes samarbeid mellom de enkelte menighetsråd og lokale arbeidsgrupper i bispedømmet."

Stadfesting

Årsrekneskapen er avlagt i samsvar med regelverk om økonomistyring for Den norske kyrkja. Bjørgvin bispedømmeråd meiner rekneskapen gjev eit dekkande bilete av tildelinga til Bjørgvin bispedømmeråd, rekneskapsførte utgifter, inntekter, eignelutar og gjeld.

Vurdering av vesentlege tilhøve

Bjørgvin bispedømme hatt til disposisjon for drift kr 161.534.000. Driftsresultatet viser eit overskot (mindreforbruk) på kr 2.646.000. Standardrefusjonar (foreldre- og sjukepengerefusjonar) utgjorde kr 4.924.511. I 2016 var tilsvarende refusjonar kr 4.322.621. Tildelinga for 2017 er korrigert for eit meirforbruk i 2016, beløp stort kr 1.746.000. Mindreforbruk på drift, kr 2.646.000 er forventa overført til 2018.

Bjørgvin bispedømmeråd gjorde i 2017 ingen anskaffingar som er bokført til avskrivning.

I 2017 fekk vi kompensert for frikjøp av hovudtillitsvald for YS(Parat) og Akademikerne (2/3 av året).

I 2017 inngjekk Bjørgvin bispedømmeråd ein avtale med Bergen kommune om levering av presteteneste til sjukeheimar. Heilårsverknad for avtalen er kr 750.000. Forseinka oppstart gjorde at vi i 2017 fekk tilskot på kr 667.000. Bjørgvin har også andre avtaler om delfinansiering av presteteneste. Totalt får vi refusjon for ca 2,5 årsverk presteteneste.

Bjørgvin bispedømme har misjonsrådsgjevar i 50 prosent stilling. Stillinga er finansiert med tilskot frå Opplysningsvesenets fond (OVF), kr 150.000, og sju misjonsorganisasjonar i samsvar med vedteken fordelingsnøkkel.

Bjørgvin har hatt samla vekst i gjennomsnitt lønn for alle administrative faste stillingar samla på 4,5 prosent. Landsnittet er 3,8 prosent. (Kjelde Tabell 6.3). Det er særleg rådsgjevarar som har hatt vekst. Dette skuldast i hovudsak ny tilsetjing og prioriteringar ved lokale forhandlingar. Lønnsnivået på administrative stillingar ligg like over landsnittet for rådsgjevargruppa og samla, men under for leiargruppa. Bjørgvin har hatt vekst i gjennomsnitt lønn for alle faste prestestillingar samla på 3,62 prosent. Landsnittet er 2,33 prosent. (Kjelde Tabell 6.4). Det er særleg sokneprestar som har hatt vekst. Dette skuldast både alderssamansetting, nytilsetjingar og prioriteringar i lokale forhandlingar.

Gjennomsnittleg løn for dei to arbeidsområda:

For bispedømmeadministrasjonen: kr 595,9. Landsgjennomsnittet er kr 589,6. Høgast Borg med kr 612,6. Lågast Nord-Hålogaland med kr 549,7.

For presteskapet: kr 635,5. Landsgjennomsnittet er kr 623,8. Høgast Sør-Hålogaland med kr 651,9. Lågast Tunsberg med kr 612,2.

Lønnsnivået på dei fleste prestestillingskategoriane er høgt i samanlikning med landssnittet, men dette skuldast i hovudsak høg alderssamansetting. Det vil vere naudsynt å justere utviklinga framover for å sikre berekraftig økonomi over tid. Det handlar på ei side om å skape realistiske forventningar om lønnsplassing ved skifte av stilling, og samstundes om å rekruttere og behalde prestar i nokre typar stillingar.

Tildelinga til tilskot var i 2017 på same nivå som i 2016, totalt kr 55.045.000. Bjørgvin fekk overført eit mindreforbruk frå 2016, og hadde etter det totalt kr 57.326.000 til fordeling til trusopplæring, undervisning, diakoni og kyrkjemusikk. Det er ingen endring i statleg støtta kateket- og diakonstillingar. I Bjørgvin yter staten tilskot til 16 diakonstillingar og 17 kateketstillingar. Rekneskapen viser eit mindreforbruk, kr 717.000. Etter at rekneskapen var avslutta er vi blitt merksame på ei manglande utbetaling for 2017, korrigert for dette beløpet vert nytt mindreforbruk i 2017 kr 397.000. Mindreforbruk på tilskot, kr 717.000 er forventa overført til år 2018.

Foreininga Kyrkjeleg innsats

Foreininga Kyrkjeleg innsats har hatt eigne bankkonti og eigen rekneskap som har vert halden utanfor statsrekneskapen. Den var imidlertid registrert på Bjørgvin bispedøme sitt organisasjonsnummer, noko som var årsak til at det med verksemdsoverdraginga vart del av opningsbalansen til Den norske kyrkja.

Saldo pr 01.01.17 kr 2.210.102
Saldo pr 31.12.17 kr 1.873.839 Renteinntekter 2017, kr 38.183.

Reduksjon i saldo skuldast overføring til drift av gåve, kr 374.625, gitt av Kyrkjesogelaget i 2016 til delfinansiering av prosjekt Reformasjonsjubileet. Saldo for Foreininga Kyrkjeleg innsats står på balansekonto for Den norske kyrkja. Plassering av midlane, samt handtering av renteinntekter, er enno ikkje avklart for 2018. Fram til medio desember 2017 var midlane plassert på fastrenteinnskot.

Revisjon

Rekneskapen for Bjørgvin bispedømeråd inngår i den totale rekneskapen for Den norske kyrkja, og vert revidert av Ernst & Young AS. Riksrevisjonen er ikkje ute av bilete, men dei vil reviderer Kirkerådet, og så er det eventuelt Kirkerådet som vidareformidler bestilling til Bjørgvin bispedømeråd. I Riksrevisjonens beretning til Bjørgvin bispedømeråd for 2016, framkom det ingen merknader.

Bergen, 28.februar 2018



Inger Helene Nordeide
bispedømerådsleiar



Jan Ove Fjelltveit
stiftsdirektør

Vedlegg

Strategi – og årsplan 2018 - 2020

Gjennomført program for biskopen 2017

Rekneskap



Frå vigslinga av nye Tveit kyrkje på Askøy. Foto: Håkon Andersen